

# ÅRBOOK FOR SYKKYLVEN 1992



Sykkylven Sogenemnd

ISSN 0804-2225

# INNHALD:

|                                                                                                                               |    |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| Føreord .....                                                                                                                 | 2  |
| "Det renn fort i trådane"<br>Av Petter Kursetgjerde .....                                                                     | 4  |
| Ikorntes Treindustriarbeiderforening 40 år<br>Av Svein Tafjord .....                                                          | 10 |
| Utvandrar med klåe for dikt<br>Av Kjetil Tandstad.....                                                                        | 14 |
| Sykkylvslede frå eldre tid<br>Av Borghild Neset.....                                                                          | 19 |
| Sætreferdog sætrelev<br>Av Bjørg Sørensen.....                                                                                | 29 |
| Sykkylven helselag gjennom 80 år<br>Av Bergljot Tandstad.....                                                                 | 45 |
| Bestefarssoger frå Fet<br>Av Peter P. Fet .....                                                                               | 52 |
| I oppbrot. Ei analyse av sosiale karakteristika hos<br>næringslivspionerar i Sykkylven frå 1880-1900<br>Av Eldar Høidal ..... | 67 |

BILETET PÅ FRAMSIDA

Johanne Fredrikke Ekornes, f. 1835 (f. Erstad)  
frå Hans-garden på Ikornnes, med bundingen (strikketyet).  
Tida skulle nyttast godt, meinte dei før i tida.  
Biletet teke ca 1915 av sonen Ole Ekornes.

Redaktør:  
ELDAR HØIDAL

Utgjevar: Sykkylven Sogenemnd  
Sats og montasje: Sykkylvsbladet  
Skrift: Times New Roman 10 Trykk:  
Cylindertrykk 1993

ISSN 0804-2225

# Føreord

Dette er første utgåva av ei lokal årbok som vi vonar skal bli eit årvisst tiltak. Det er Sykkylven Sogenemnd som står som utgjevar av heftet. Dette treng ikkje bety at årboka skal avgrense seg til å vere eit sokeskrift i tradisjonell forstand. Namnet årbok er valt for at vi skal kunne fylle i ho forskjellige uttrykk for den kulturelle, næringsmessige og sosiale aktiviteten som er og har vore i Sykkylven kommune.

Det er eit vidt spenn i stofftilfanget i denne årboka. Vi har registrert at to høgst levande lag i året som gjekk runda år. Det gjaldt Ikornnes Treindus-triarbeiderforening og Sykkylven Helselag. Til jubilea deira vart det laga historiske attersyn som vi bringer vidare.

Elles har vi kunna velje og vrake i livsminna til allsidige Peter P. Fet. "Bestefarssogene" hans er i første rekkje tenkt nytta i den næraste familien, men dei røynsleane som vert gjevne an er så almennmenneskelege og fornøyelege å lese, at vi synest dei fortener ei større lesargruppe. Det same gjeld Bjørg Sørensen si medrivande skildring av sætre livet på Brunstad-sætra.

Kjetil Tandstad dreg ein nesten gløymt sykkylvsdikt fram frå gløymsla. Jens N. Riksheim er ein av "dei unge døde", som aldri fekk høve til å gje fritt løp for diktara si. Men dei dikta han let etter seg har kome i bokform, og dei gjev vitnemål om eit uomtvisteleg talent, meiner Tandstad.

Borghild Nettet har tråla hus og loft for å finne gamle sykkylvsklede. Kva ho fann får vi vite i årboka, og vi får også vere med Petter Kursetgjerde til Hundeidvik då grenda fekk elektrisk kraft.

Hjarteleg takk til alle som har vore med å gjere årboka til røyndom.

Sykkylven 29.1.93

Eldar Høidal  
red.

# FØREORD

## AV SOGENEMNDA

Sykkylven Sogenemnd presenterer med dette første utgåva av eit årsskrift som vi vonar kan utgjevast årvisst.

Årsskriftet skal ha ei vid stofframme. Både historisk- og anna høveleg stoff skal ha plass her.

Sogenemnda er interessert i idear og aktuelt stoff frå alle delar av kommunen.

Vi vil takke den førre sogenemnda ved leiaren Øystein Eliassen, som lanserte ideen og la grunnlaget for eit slikt årsskrift.

Sogenemnda takkar alle artikkelforfattarane og Eldar Høidal som tok på seg redaktøransvaret for denne utgåva.

Februar 1993.

for Sykkylven Sogenemnd  
Kjell Løseth, leiar

Bergljot Tandstad, nestleiar, Greta Remø Klock, Erling Opdahl jr.,  
Ragnhild Grebstad Hole, Eldar Høidal, Kjellaug Klock og Ole Jostein Fet.

## " - Det renn fort i trådane"

Den elektriske krafta kom til krinsane i Sykkylven gjennom det kommunale kraftverket som stod ferdig i 1919. Krafta førde med seg bruk av moderne maskiner og nye driftsformer både i landbruket og i næringslivet elles. For mange av dei gamle var dette nye vanskeleg å forstå og mangt kunne verke skremmande. For dei unge var det heller spennande og det gav ei von om at noko av det tunge fysiske strevet som gjorde menneska tidleg utslitne, kunne kome vekk. Dei fulgde med på arbeidet til montørane og dei motorkyndige for kanskje ein dag sjølve å kunne beherske desse veldige kreftene. Petter Kursetgjerde er fødd i Hundeidvik i 1916 og han var ein av dei som spent fulgde med då nye hestekrefter gav nytt innhald til livet og arbeidsmåtane på landsbygda.

AV PETTER KURSETGJERDE

I 1916-17 byrja framtøkne menn i Sykkylven å orde frampå om bygging av eit elektrisitetsverk i bygda. Dei fleste var litt i villreide om kva dette kunne bere med seg. Ja, somme sa beint fram at det var Dyret i Åpenberinga, og han Ånes-Lars og ho Lovise trudde at kraftalsmennene berre var nokre karar som for med fant og farkeskap:" De e'kje nokin so ska førtelje oss at dei kan få ljøs gjøna nokre strenja so dei feste på nøkre staura."

Men då det vart aktuelt å førehandstinge straum tinga då dei fleste seg for nokre vatt. Det var berre til lys. Ingen tenkte at det kunne brukast til noko anna.

### Katten vart vettskremd

Arbeidet med kraftverket vart så sett i gang. I Riksheimdalen vart det bygd ein mur til ein dam, ganske blyge greier. Arbeidet vart gjort på dugnad. Røyr og tråd vart bestilt og ein dynamo på 400 KW. På grunn av krigen var det ikkje kopartråd å oppdrive. Difor vart det jamtråd, men det viste seg seinare at det vart mykje svinn av kraft på leidningsnettet. Stolpene var ikkje impregnerte, dei hadde heller ikkje topphetter. Difor vart stolpane rotne på få år. Ein gjeng linjearbeidarar får rundt og grov smale djupe hol, andre kom og sette ned stolpar. Tråden kom på noko som likna ei trillebår med eit svart hespetre som ein tredde trådbuntane på. Så kom det folk som skrudde på nokre kruskoppar som dei kalla isolatorar. Dei hadde nokre merkverdige greier på føtene som likna på reinsdyrhorn. Med desse kunne montørane klivire lett i stolpane og feste tråden på isolatorane.

Folk som arbeidde med dette likna på frie rallarar, endå det var bygdefolk for det meste. Dei førde eit fritt språk og fortalde stygge historier. Det var eit eventyr for oss smågutane. Vi hadde det så travelt at vi reint gløymte å leike oss på vanleg måte. Eg var berre fire år og her høyrde eg dei første stygge historier frå rallarane. Dei handla til dømes om det som no vert kalla sex.



*På biletet ser vi familien til Petter Kursetgjerde. Frå venstre: Margit, Anne, Jakob, Knut, Olave, Jakobia og Karoline (Kalla) Kursetgjerde. Petter Kursetgjerde står framme. Det var Bastian Spjelkavik som var omreisande fotograf som tok biletet i 1927.*

Eg hugsar at eg miste eit merke som eg hadde på matrosdressen min. Det datt ned i eit stolpehol. Hola var vel ikkje meir enn ein meter djup, men dette var ein avgrunn for meg. Merket låg der og blenkte, men å få tak i det var heilt utenkjeleg. Eg skreik med all mi kraft og mykje folk kom til stades. Dei trudde vel at det verste hadde bendt, men syster mi som var seks år eldre, greidde å få tak i det, og så skein sola att.

Så kom det installatørar og skrua isolatorar på veggane, og derifrå feste dei noko som heitte glansgarn på små sneller av krus fram til lamper og brytarar. Ein dag i oktober frette vi at no skulle dette underlege lyset kome. Vi torde ikkje gå nokon stad den dagen. Vi måtte vere heime å sjå når det kom. Dagen kom, vi skrudde på brytarar og einstirde på pærene, men ingen ting hende. Timane



gjekk og det tok til å skymest. Då hende det! I pærene kom ein raud makk berre så vidt vi såg han. Det auka smått om senn på, men så vart det ikkje meir. Nei og nei, dette var skrale greier, meinte folk. Og dei sa dei velkjende orda: "Va`kje det de ej sa, det e bære fanteri, hanj e no mykje bere uljelampinj." Men brått kom ein eksplosjon, og ein kvit ljoske sprang ut i stova. Lyset var som sola på det klåraste. Hunden kom fram undan komfyren med rompa mellom bakbeina og ulte så katten vart vettskremd og freste og la på dør. Sauene breka og kyme belja, og han goffar sa; "Jammen renne det fort, det e" kørme innpå Gjævinje me." Men med han Ånes-Lars var det mørkt.

### Motormannen sitt ansvar bevisst

Sjølv om folk ikkje forstod kva dei kunne bruke elkrafta til, så var det ein kvan som ymta om at ein kunne bruke ein motor til trasking. Dette å traske var eit stort problem. I tidlegare tider brukte dei noko dei kalla tustre. Det var nokre tunge trestykke som var festa til lange skaft. Kornet vart då lagt på låvegolv, og så gjekk dei laus å delje og slå med desse rustene. Kornet vart då banka laust. Så raka dei vekk halmen og var der då korn att så brukte dei noko som vart kalla skjedde. Det var ei smal fjøl med mange hakk i. Med desse slo dei siste korna or halmen. Kornet vart så oppsopa og dryft. Det vil seie at dei hadde kornet opp i nokre trog med ei rist i botnen. Dette kalla dei dryfting. I denne hadde dei det ureinska kornet. Det vart kalla drøse. Dryftingen vart rista att og fram, opp og ned. Mindre partiklar gjekk gjennom rista, agner og det lette rusket bles dei vekk. Snakk om lungeterapi! Kornet vart deretter bore i skinnsekkar og tømt i bingar på stabburet. Ikkje eit korn måtte gå til spille. Dette var sjølvaste livsgrunnlaget. Lånet frå Gud. Svikta hausten, vart det svolt. Folket tok til i fire-fem tida om morgonen, og stod til seine kvelden med desse rustene. Dei banka og slo alle stader. Det var så lytt i desse frosne stjerneklåre haustmorgoner. Det var ikkje rart at folk var utslitne tidleg. I ættelister ser vi at levealderen i det førre hundreåret låg på om lag 60 -70 år.

Han goffar på Myrseth var ein framsynt mann. Han byrja å lage nokre innretningar som vart kalla truskemaskiner. Det var ein trommel av trespiler med passeleg opning mellom spilene. Ved ei enkel utveksling som bestod av eit stort reimhjul med ei snor som gjekk over på eit lite hjul, kunne ein få stor fart på trommelen. Dette var eit framsteg. Men så byrja folk å lage innretningar for vasskraft. Dei kunne grave veiter på ein kilometer for å leide vatnet fram mot løa og eit vasshjul. Derifrå kunne det vere lange snoroverføringar. Det var tog som gjekk gjennom trinser som var festa på staurar. Vasshjulet var ofte tre meter i diameter. Det var skovlehjul og eit snorhjul. Ofte vart det bygd tak over, slik at hjula kunne stå der permanent.

Hausten var det mykje regn, så det var rikeleg med truskevatt. Men så kom motoren. Eg hugsar at bøndene gjekk saman i truskelag og i den



*Goffar på Myrseth, kalla Petter Kursetgjerd Petter Myrseth. Han var gardbrukar på Elias garden, og han var både snikkar, bygningsmann og smed. Petter Myrseth vart fødd i 1836 og han var 91 år då dette biletet vart teke. Dei to gutane til høgre heiter også Petter Myrseth og var syskenbarn til Petter Kursetgjerd.*

første tida var det oljemotorar dei nytta. Men vanlege folk hadde ikkje greie på motorar. Difor vart det valt ein motorkyndig mann til å vere med. Han var sitt ansvar bevisst og han tolde ikkje noko innblanding. Gutungane var som vanleg nysgjerrige på dette vidunderet, men dei vart jaga langt derifrå. Arbeidsdagen byrja tidleg, men var ikkje motormannen komen, så var dei aldeles hjelpelause. Motoren var ruvande i forhold til hestekreftene, og ein vasstamper med kjølevatn fylgde med. Seansen tok til med tenning av fyrampa. Ei skål på lampa vart fylt med parafin med ei tøyfille og tent på. Så skulle lampa pumpast. Det skjedde med ei dertil eigna pumpe som pumpa luft inn i beholdaren som så skulle presse parafin fram til tennaren. Parafinen kom ikkje utan at han var godt varm. Prøvde dei å tenne før, vart det utvikling av kvit os. Ofte såg ein ikkje att korkje lampa eller mannen. Men endeleg fungerte lampa og brann med ein blåraud loge. Lampa skulle varme opp eit veldig jernstykke, kalla "Glohaudet" som sikkert vog 30-40 kilo, og det tok om lag ein time å få opp ein høveleg temperatur.

Endeleg kunne dei starte maskineriet. Då måtte vanlege folk halde ein viss avstand, for det var ikkje godt å vite kva som kunne hende. Berre motormannen stod ved det veldige svinghjulet, tørka av fingrane og greip tak i toppen og drog rundt. Det kom nokre piff og paff ut av eksosrøret, og det rauk med kvit vassrauk. Det var ofte nattekaldt og det laga seg kondens både her og der, og det var slett ikkje lett å få maskineriet til å gå. Smått om senn kom nokre kvasse skot,

men si dabba det av. Ny omgang; og endeleg var motoren i lune med god arbeidsrytme, og truskinga kunne ta til.

Motormannen pusla med motoren. Kjende på kjølevatnet med ein finger. Brukte oljekanna her og der, kjende på delar som lea seg. Tørka seg med tvistdotten, sette seg ned i bakken ovanfor for å kvile, og det hende at han sovna.



*Det var bratt slåttemark på Kursetgjerde, og det gjekk mange år før dei fekk slåmaskin på garden. Frå venstre: Jakobia Kursetgjerde, Bernhard Rypdal og Karoline Kursetgjerde. (Foto: Petter Kursetgjerde)*

### Dryftemaskiner frå Myrseth

Så kom den elektriske krafta i 1918. Ein mann i Straumgjerde hadde kjøpt seg ein elmotor og for rundt og traska for folk. Eg hugsar det var ein svært stor maskin i forhold til yteevna -tre hestekrefter- med ei tavle av marmor med ein såkalla knivbrytar og ein beholdar med olje og motstandselement i. Maskina virka bra og fleire kom på den tanken at dei skulle investere i ein slik motor. 10-15 bønder i Hundeidvik gjekk saman i eit patentlag og kjøpte ein seks hestars elmotor av det same slaget som straumgjerdingen hadde. Eg hugsar det vart kalla inn til ekstraordinært aksjonærmøte for å drøfte innkjøp av drivreim. Ei ny reim med hakelås ville koste 17-18 kroner. Viss ein derimot kjøpte ein brukt brannslange frå Aalesunds Brandvesen kunne ein kome frå det med sju kroner. Men då måtte ein skomakar sy saman brannslangen. Saka vart oppsett til

votering, og innkjøp av ny reim gjekk i boks med knapt fleirtal. Men no byrja spektaklet!

Motoren ville slett ikkje virke. Han berre muna og gjekk sakte rundt. Ingen visste noko om slike innretningar. Mange fikla burt i marmortavla og granska koplingar og anna, og fleire stod rundt og gav gode råd, men ingen ting hjelpte. Motoren berre laga stygg lyd, og blå logar og gneistar skaut ut frå marmortavla når nokon kom bort i ymse punkt på instrumenttavla. Gneistene for rett inn i høystålet og kvinnfolka skreik hysterisk at no sette dei ljøs på heile løa! Så vart det kalla inn til ny generalforsamling på låven vår. Der vart det vedteke å tilkalle ein ekspert, og dette var ingen nærare til enn sjølvaste kraftverksefen som då heitte Solheim og var frå Homindalen, Han konstaterte at der ikkje var olje på motstandsbrytaren og motoren var oppbrend. Eigarlaget vende seg til motorforhandlaren og det vart semje om at motoren kunne bytast. Ein kveld samlast eigarane på låven vår og spikra gamlemotoren ned i ei kasse. Han Kurseth-Jakob var gammal og litt tung på foten, så han kom først etter at dei hadde spikra på loket. Då veit eg far sa til han: "Vilde du sjå nå åtte kanskje?" Men det kom då ein ny motor og han virka bra. Truskemaskina var innkjøpt nokre år tidlegare. Det var eit monstrum av støypejern. Ho var laga på Nesna Bruk ved Lillehammer. Det var ei såkalla piggmaskin. Det vil seie at det var piggar både på trommelen og i overdekselet. Elles var det ei rad stilleskruer for opp- og ned-stilling. På overdekselet var det dessutan ei støypt plate med inskripsjonen: "Denne maskine fik 1. præmie på landbruksudstillingen i Paris i 1882."

Drøsen kalla dei blandinga av korn, agne og anna rusk. Dette skulle altså dryftast i dryftemaskina. Dryftemaskiner var spesialiteten til goffar på Myrseth. Han laga til store delar av bygda. Det var ein sinnrik konstruksjon: Der var ei vifte som laga ein kraftig luftstraum som bles gjennom eit såld som med ei finurleg innretning gjekk i ei sidelengs rørsle, og lufta bles agner og lette partiklar opp i lufta, tyngre partiklar gjekk gjennom såldet. Kornet gjekk også gjennom såldet og datt ned på eit skrått brett og ned i eit trog som stod under. Der var det min jobb å finplukke for eksempel halmstubbar og fliser av ymse slag. Etter dette tok dei kornet i sekker og bar det opp på stabburet og tok det over i bingar. Der låg det til det vart tørka i ei stor gryte og køyrt på kverna og male til mjøl. Byggen vart til grautamjøl og havremjølet vart baka til flatbrød.

## Ikomnes Treindustriarbeider- forening 40 år

Det er eit kjent fenomen at fagrørsla seint vann innpass i industribedriftene på Sunnmøre. Det hadde truleg samanheng med måten bedriftene på våre kantar var skipa på og tilhøva i lokalsamfunna på Nordvestlandet. Det var ikkje utanforståande kapitalistar som etablerte fabrikkane i Sykkylven, det var bygdas eigne ungdomar. Dei tok nokre av sine kameratar i teneste og arbeidde bedrifta gradvis oppover. Bedriftsskiparane var sjølve med på det vanlege produksjonsarbeidet. Kontorarbeidet tok dei på kveldstid. Alternativet til arbeid på bygda sine nye fabrikkar var for dei unge "proletarane" arbeid heime på garden, eller flytting frå bygda. Ord som fagforeining og organisering smaka i 30-åra bittert av sosialisme. Slike teoriar var det mager grobotn for i våre bygder med nøkterne, men jamne levekår.

Så lenge dei lokale bedriftene var små og oversiktelege kom det ikkje til langvarige fagforeiningstiltak. Men etter siste verdskrig vart mange av dei nye fabrikkane i Sykkylven store, somme talde mellom dei største møbelfabrikkane i landet. Då vart det aktuelt med eit meir formalisert tilhøve mellom arbeidsgjevar og tilsett. Dette kunne vere ønskjeleg også frå arbeidsgjevaren sin synstad. I staden for at alle kom til han for å tinge om individuelle lønar, kunne han tinge med representantar for dei tilsette og ordne med tariffesta løns- og arbeidstilhøve.

Men sjølv om det er mange praktiske fordelar ved ei arbeidarorganisering, har det vore tungt å få full oppslutnad om dei lokale fagforeiningane. Dette sjølv om den lokale fagrørsla har halde ein svært forsiktig fagleg-politisk profil.

Det får vi mellom anna inntrykk av gjennom dette oversynet som vart laga til 40- års jubileet til Ikomnes Treindustriarbeiderforening.

AV SVEIN TAFJORD

### Nybrottsarbeid

For 40 år sidan, den 9. juni 1952, vart Ikomnes Treindustriarbeiderforening starta. Interimsstyret som vart valt på skipingsdagen var på tre mann; Formann Hilmar Helseth, kasserar Helge Ekornes og sekretær Peder Hofseth.

Ein grunn til at Ikomnes Treindustriarbeiderforening vart starta, var at Sykkylven Treindustriarbeiderforening då hadde vore i arbeid i sju år. På grunn av kommunikasjonsvanskar ville dei som hadde arbeidet sitt kring Ikomnes ha si eiga foreining.

Medlemstalet ved starten var 29 personar. Det var om lag ein tredel av arbeidsstokken ved J. E. Ekornes A/S i 1952.

Den 30. juni vart det halde konstituerande møte i foreininga. Her vart namnet på foreininga vedteke og det vart valt permanent styre; Formann Hilmar Helseth, kasserar Lars Ludviksen, sekretær Peder Hofseth, styremedlemer Anton Stave og Jonas Lekanger,

I styremøte den 10. september 1952 vart det vedteke å krevje tariffavtale ved J.E. Ekornes Fabrikker. Dette var noko nytt for verksemda, men møteboka syner at det ikkje var noko problem med å få denne i orden. Årsmeldinga det første året syner at studiearbeidet kom i gang med ein brevring, der fem av medlemene var med. Den første årsmeldinga syner også at medlemstalet auka til 56 alt første året. Det tyder på at foreininga vekte stor interesse mellom dei tilsette ved Ekornes, som rekrutterte stort sett alle medlemene til foreininga. Etter kvart ser det ut til at arbeidet vart utvida til dei andre bedriftene på Sørestranda, for i referatet frå årsmøtet i 1953 går det fram at det då var medlemer ved Gjerdes Trevarefabrikk.

Møteboka og årsmeldingane er sparsame med opplysningar om korleis det var å drive fagforeiningsarbeid den gongen. Kjeldene fortel heller ikkje om medlemene var flinke til å påverke dei uorganiserte dei arbeidde i lag med. Det er likevel klart at det var mange tunge tak for dei som stod i brodden for arbeidet dei første åra. Det kan vere vanskeleg å nemne namn, men nokre få bør likevel nemnast. Først og fremst Hilmar Helseth og Petter Kursetgjerde. Kursetgjerde var med i styret i foreininga heilt frå sist i 1950-åra og tjue år framover. Elles var han også dei tilsette sin representant i bedriftsstyret i ei årrekkje ved sida av at han var med i styret i Norsk Treindustriarbeiderforbund. Hilmar Helseth var den første formannen i foreininga i tillegg var han med i det første tillitsmannsutvalet ved J.E. Ekornes. Han var i åtte år medlem av landsstyret i Norsk Treindustriarbeiderforbund. I vår eiga foreining var han aktivt med heilt fram til midten av 1970-åra, både som formann og sekretær. Frå dei seinare åra må vi nemne Per Langhaug og Kristian Bakken som har vore med både i tillitsmannsutval og foreiningsarbeid heilt fram til 1990.

#### Eiga sjukekasse

Medlemstalet gjennom åra syner både oppgang og nedgang. Den jamne auken av arbeidsstokken ved J.E. Ekornes skulle vel ha tilsagt ein like jamn auke i talet på medlemer. Når det likevel ikkje skjedde, kan det ha fleire årsaker. Årsmeldinga fortel at det etter den store framgangen det første året, vart ein mindre tilbakegang. Medlemstalet låg på omkring 50 fram til 1956-57, då det kom over 100, med 113 medlemer i 1958 som ein topp. I 1955 arbeidde det totalt 140 personar ved Ekornes og talet på tilsette steig jamnt og trutt dei komande åra. I 1959 tok ein nedgang i talet på foreiningsmedlemer til, og ved slutten av det



*Artikkelforfattar Svein Tafford (t.v.) ved fana til Ikornes Treindustriarbeiderforening under 40-års festen i 1992. Tafford var leiar i foreininga frå 1981 til 1991 då Sverre Djupvik (t.h.) tok over leiarvervet. (Foto: Ole Jostein Fet, Sykkylvsbladet)*

året var det 73 medlemmer, eit tal som skulle vise seg å halde seg stabilt dei komande ti åra. I 1970 var det eit fall i medlemsstokken til 60, men alt året etter tok ein merkbar auke til. Sidan har foreininga vakse jamnt, og har no 333 medlemmar. Det vil seie at godt og vel 50 prosent av arbeidsstokken ved Ekornes-verksemda er organisert.

Ikornes Treindustriarbeiderforening var heilt fram til midten av syttiåra ei heilt mannsdominert foreining. Første kvinne kom med i styret i 1976. Det var Inger Bjørkavåg som det året vart valt til sekretær. Sidan har det blitt ei ganske jamn fordeling mellom kjønna både blant dei tillitsvalde og i styret.

Den første tida gjekk det greitt å halde kontakt mellom styret og medlemmane, men etter kvart som medlemstalet auka, og foreininga fekk medlemmer frå fleire bedrifter, vart det vanskelegare. På årsmøtet i 1959 vart det difor vedteke å kjøpe ein duplikator, slik at møteinnkallingar til medlemmene kunne stensilerast. Dette kjøpte førde til at det vart starta eit medlemsblad som fekk namnet "Kontakten". Dette vart i fleire år nytta til å halde kontakt mellom styret og medlemmane, men etter kvart vart duplikatorutstyret gammaldags og tungvint.

Sosiale tiltak har sjølvstøtt vore eit sentralt arbeidsfelt for foreininga. Såleis vart det i 1955 starta ei sjukekasse for medlemmane. Medlemsskapen var friviljug og kassa gav dei tilmeldte medlemmene stønad under sjukdom i tillegg til sjukepengane frå trygdekassa. Denne sjukekassa var i gang fram til 1965, då ho på grunn av for få medlemmar gjekk inn. Hovudgrunnen til dette var nok at pris-

og lønnsutviklinga etter kvart hadde gjort utbetalingane frå kassa symbolske. Dessutan var sjukelønnsordninga nær foreståande og kassa ville difor i alle fall ha blitt til overs. Sjukekassa står likevel som eit symbol på medlemmane sitt sosiale syn heilt frå foreininga starta. Kassa fekk ein viktig funksjon for medlemmane heilt til forbundet og LO sentralt kom fram til avtalar med motparten som gav dei fagorganiserte tryggleik under sjukdom.

### Få med dei uorganiserte

Gjennom eit så langt tidsrom som 40 år, vil sjølvsagt arbeidstilhøva for ei fagforeining skifte mykje. For Ikornes Treindustriarbeiderforening sitt vedkomande må det seiast at hovudinntrykket er at det har vore rolege arbeidstilhøve. Eit par episodar av mindre hyggeleg karakter har det likevel vore. Det gjeld først i 1958, då det var ein tvist om akkordane og tidsstudiearbeidet ved J.E.Ekornes. Også i 1965-66 var det ein alvorleg konflikt før det heile gjekk over.

I seinare tid er det vel all uroa omkring den økonomiske situasjonen til J.E. Ekornes som har vore det alvorlegaste for vår del, med permitteringar og oppseiingar i 1988-89. Opne konflikter med arbeidsstans har her aldri vore. Alt i alt kan nok foreininga si soge seiast å vere merka av trufast og jamnt arbeid. I 1978 kom arbeidarane ved Formfin A/S med i foreininga, og bedrifta skreiv under tariffavtale. Pr. i dag har vi ei jamn fordeling i styret med ansatte frå Ekornes og Formfin som er dei bedriftene som har medlemmer i foreininga. Dei tre mindre møbelbedriftene som vi også har i dekningsområdet vårt, har vi ikkje lukkast så godt i å rekruttere medlemmer frå.

I forhold til dei første tunge åra har foreininga dei siste åra fått ein brukbar økonomi, noko som har ført til mange fine sosiale tiltak og løyvingar. Vi kan nemne løyvingar til Amnesty International, Røde Kors, Norsk Folkehjelp og også lokale organisasjonar. I 1987 gav foreining kr 10 000 til kjøp av hjartemaskin til bruk ved legekantoret i Sykkylven og i sjukebil. Foreininga gav også kr 3000,- til smertepumper til sjukeheimen og heimesjukepleia.

Ved den milepælen som 40 år er, meiner vi å kunne slå fast at arbeidet vårt har gjeve gode resultat. Både når det gjeld tilhøva på arbeidsplassen lokalt, og for dei resultata som forbundet vårt har oppnådd. Når foreiningsstyret no ved jubileet gir dette attersynet, er det ikkje for å fortape seg i fortida. Arbeidet er som alltid før retta framover, og omfatter både tariff arbeid og arbeidet med å få medlemmar nok til å krevje tariffavtalar ved bedrifter som enno er uorganiserte.

Til dette arbeidet treng vi hjelp og stønad frå medlemmene, og styret sitt ynskje for framtida er auka aktivitet frå desse.



# Utvandrarar med klåe for dikt

AV KJETIL TANDSTAD

Utvandrarar var ofte dårlege brevskrivarar. Lange arbeidsdagar i eit nytt og framandt miljø la beslag på kreftene. Kvardagen vart kanskje hardare enn dei hadde venta då dei flytta ut. Eit nytt språk og nye skikkar skulle lærast. For den som lengta heim, kunne brevskriving nøre opp under saknet etter dei ein var glad i, og gjere vondt verre.

For sykkylvingen Jens N. Riksheim frå Gyljane var situasjonen den motsette. Også han streva og lengta. Men han kjende ein uimotståeleg trang til å feste sine tankar til papiret og helst i rims form. Ein klåe for dikt, kalla han det. I diktsamlinga hans, utgitt av slektingane Tore Riksheim og Per Langeland mest eit halvt hundreår etter han var død, blir vi kjend med dei tankar og kjensler som huserte i ein ung og idealistisk bokorm som prøvde å realisere sine draumar i Amerika.

Jens Nilvald Johansen Riksheim vart fødd 14. januar i 1907. Han fekk eit kort liv, men han var likevel heldig- for det var så vidt han overlevde fødselen. Han var heilt blå då han kom til verda. Dei tok han med ut i grova og vaska liv i han i det iskalde vatnet, minnest Karen Drabløs ho fekk fortalt då ho voks opp. Foreldra hans var Petrine og Johan Severin Riksheim, besteforeldra til Karen Drabløs. Han voks opp på garden Gyljane. Gamlehusa på garden låg heilt oppe i skogkanten- noko lenger oppe enn der tunet ligg i dag.

## Lesehest

Jens Riksheim var ein lesehest frå barnsbein av. Han gjorde det skarpt på skulen og han las ekstra med lærar Eidem, så lenge læraren meinte han hadde noko å lære frå seg. Han fekk framhaldsskule-eksamen heime i Sykkylven. Meir skule ville bli dyrt. Skulle han gjere draumen om ei utdanning til røyndom, måtte han ut av bygda.

I USA hadde han den ni år eldre broren Petter, som hogde tømmer i Polson Camp og sveitta for løn i dollars. Han hadde reist over dammen to år før. Kanskje var det eventyrlyst -kanskje var det den lettaste måten Jens kunne skaffe seg midlar til skulegang på. I november 1925 bestemte 18-åringen seg til å reise til broren i Amerika og freiste lukka i depresjonens USA. - Eg hugsar godt at eg og mor gjeikk ut i Gyljane for å seie farvel til han Jens-onkel før han reiste, seier Karen Drabløs. Mor hennar, Anna, gift Langeland,

var søster til Jens. Den unge utvandreran følgde dei på heimvegen så langt som til Straumsheim. Dagen etter reiste han med fjordabåten frå Erstad-kaia -og dei såg han aldri meir.

### Western Viking

Jens Riksheim kom til Washington og reiste straks til brakkebyen ved dei store tømmer skogane. Seinare arbeidde han som hermetikkfabrikkarbeidar i Alaska. Han var vaktmann ved laksenøter. Han skreiv brev og dikt som vart trykte i den norsk-amerikanske bladet Western Viking. Attåt arbeidet studerte han sosial-økonomi og tok B. A.-graden ved universitetet i Seattle i 1936. Saman med fleire andre sykkyllvingar kjøpte dei to Riksheim-brøme ein sardinbåt og dreiv fiske på Californiakysten. Jens vart sjuk, fekk nervøst samanbrot og døydd på eit sjukehus i Los Angeles 29. mars 1938, 31 år gammal. Han vart ført til Seattle og gravlagd der.

Han beint fram arbeidde seg ihel, trur Karen Drabløs. Han måtte tene pengar for å leve, men det var lesinga og studeringa som var hans store interesse i livet. Det tok hardt på han at han ikkje fekk bruke den utdanninga han hadde ofra så mykje for å få. Men arbeidsløysa var stor -også for dei med utdanning -og for ein innvandrar var det spesielt vanskeleg.

Jens Riksheim sleit dessutan med ein skade frå fødselen. Han kunne plutseleg besvime og bli borte ei lita stund før han kom til seg sjølv att. Det var som han ikkje fekk blod til hjernen, seier Karen Drabløs.


Ser vi på biletet som den unge utvandreran frå Riksheimgjerdet sende heim frå Amerika ser vi ein velkledd ung mann med eit alvorleg blikk mot kamera. Han var ein flink og trufast brevskrivar. Kvar tredje veke skreiv han heim til mor Petrine i Gyljane og like ofte skreiv ho tilbake. Les vi hans "Kveikingsdikt", får vi fleire vitnemål om kor høgt han sette mor si. I diktet "Til mor - og mor Noreg" heidrar han sine to mødre - Petrine i Gyljane og mor Noreg - fedrelandet han måtte reise frå.

### Kjærleiksdikt

Lengten til Noreg og heimgrenda er eit viktig motiv i dikta hans. Han hyllar arven han har fått med seg heimanfrå.

Fleire av dikta er høvesdikt, skrivne for norskamerikanerane som feira dei norske høgtidsdagane -jul, 17. mai og jonsok - og som hadde behov for å kome i stemning. I andre dikt let han heimlengten få fritt utløp. Her er kjærleiksdikt - til jenta som ventar og eitt spesielt til Eldbjørg, som han må ha kjent godt. Han hyllar norsk natur. Han let den snøtyngde bjørka tale og kome med visdomsord til menneskeslekta. Her er også humørfylte rim. Men dei fleste er alvorlege -prega av ungdommeleg og manande idealisme: Står du hardt nok på og ikkje gir opp, vil du før eller seinare nå dei høge mål du har sett deg.

*"Ungdom, sett deg høge mål  
vil du noko nå i livet.  
Den som drikk den beiske skål  
ofte lengst mot høgda drive. "*



*Jens Nilvard Riksheim kjende både lengt og einsemd. Dette er nokre av kjenslene som  
kjem fram i dikta hans.  
(Foto: Hartsook Studio, Tacoma, USA)*

Men jamsides med desse moralitetane, så tydeleg inspirerte av opplysnings-tankar og folkehøgskule - idealisme, merkar vi også mørkare tonar. Vi kan merke det i dikta med sosial tendens, fulle av solidaritet med den grå skaren av arbeidslause.

I "Den arbeidslause" skildrar han korleis den evige leitinga etter arbeid fyller friske og arbeidsføre menneske med motløyse og mindreverdskjensle. I "Situasjonen" manar han til solidaritet og samhald og åtvarar mot revolusjonens brann.

"Med ein arbeidslaus hær som sin heim hev kjær/men som vantar det daglege brød/ kann det rikaste land/ i si rot få ein brand/ som kann spreida frå sjø og til land.

På vår syndige jord/ vekt vart lagt på dei ord/ - for deg sjølv få i alt du kann/-Men når vaktene sov/ fekk dei rikaste lov/ til å tøygje på lova ein grand. Finst der ikkje ei råd/ som kan bøta litt på/ det system som gir slikt resultat?/ Det finst nok på vår jord/ og me ser at vår bror/ mjukt er sessa kring fullaste fat. Han skriv om diktartengen, som ikkje gir han fred, endå han ikkje synest han får skikk på diktinga.

"Eg veit det er vågsamt å bale med dikt i kravstore, opplyste tida/ og trur det er sant: Når eg prøver med slikt/ fær dugeleg for det eg svida. Men når det hende - imillom alt kav/ eg rota eit vers på papiret/ tykte eg stundom at skrivinga gav litt kraft/ til ein døyande spire."

Denne trangen til å skrive går som ein raud tråd gjennom mange av dikta hans - og kanskje ei trøyst. For i mange av dikta hans er her ein tragisk understraum -det er som han veit at han aldri skal få tid til å verkeleggjere sine draumar og at han aldri skal sjå heimlandet og familien i Norge igjen. I eitt dikt misunnar han bekken, som så sorglaust kan sleppe seg utfor uventa stup og stryk og ønskjer at han sjølv kunne ha same motet til å møte livet som det kjem. I eit anna dikt liknar han seg sjølv med ein som med heiane i bakken sakte, men nådeløst, blir trekt mot stupet.

*No er det spursmål um stund og time  
og ikkje månader eller år.  
Den siste støyten slo meg i svime  
so tanken er ikkje lenger klår.  
Og vel eg kjenner  
kvar mest det brenner.*

*Eg vender synet og ser mitt indre  
og finn ei ørlita, frosa von  
Men som eg ser på ho, vert ho mindre  
Kam denne berge forkome son?  
Ho gjer vel berre  
det gale verre.*

*Og eg som sturen sit her og tenkjer  
på ting som hendt hev og henda vil  
langt burte ser eg eitkvart som blenkjer  
og sender mot meg ein kjærleg smil.  
Men synet veiknar  
og smilet bleiknar....*

*Min gode ven, lån meg din kikkert  
so eg litt nærare granska kan  
den veg som nedover ber; for sikkert  
det blir vel til at eg fær bruk for han.  
Det ber mot stupet  
og nifse djupet.*

I fleire andre dikt skildrar han den harde kampen mellom dei lyse og dei mørke kreftene i sinnet sitt. Han var eit søkjande menneske med mange spørsmål og få svar og han hadde det motet som skal til for å sjå livet i kvitauget. Og altså - ein klåe for dikt.

Han kunne blitt diktar, Jens Riksheim, om han hadde fått gro-grunn og levedagar til det.

## Sykkylvsklede frå eldre tid

Borghild Nettet er ein av dei som har vore med i arbeidet med å rekonstruere den gamle festdrakta eller bunaden i Sykkylven. Ho har kartlagt gamle kvardagsklede, sundagsklede og festklede i bygda og på grunnlag av dei funna som er gjorde, har ho vore med å gje form til ein rekonstruert Sykkylvsbunad. Leitinga etter dei opphavslege formene og mønstra vart ei spennande ferd som førte Borghild til andre land og andre delar av Noreg. Det syner seg at det vi kallar vårt eige oftast har sitt førebilete i ein felleseuropeisk kulturskatt. Det er også slik at våre forfedre på 1700-talet ikkje var fargelause og dystre i klesvegen som vi gjerne trur. Tvert om hadde dei drakter med flotte fargar og mykje pynt. Det var først med den religiøse pietismen sin frammarsj i andre halvdel av det attande hundreåret at det vart mindre fargerikdom i klesdraktene.

AV BORGHILD NESET

Sunnmøre Bunadnemnd og Sunnmøre Museum sette i 1982 i gang ei registrering av eldre klede og bunadar på Sunnmøre. Det vart eit arbeid som kom til å gå over fleire år. Sykkylven kom også med. Her var det Sykkylven Bondekvinnelag som vart vald til å sti føre arbeidet. Vi trudde ikkje det kunne finnast eldre klede igjen på gardane no. Men det var der. Vi fann mykje godt bevarte klede frå slutten av 1800-talet, vi som arbeidde med dette i nedre Velledalen. Det var Jenny Velle, Edny Weiberg-Aurdal, Judith Velle, Oddrun Drabløs og Borghild Nettet.

### Dokumentasjon

I Jogarden på Velle var det mykje klede frå denne tida, m.a. ein brudekjole og fleire kvinnetrøyer, forseggjorde i saum og fasongar. I Karigarden og Amund-garden var også mykje å registrere, men det var klede av nyare dato, m.a. den flotte hatten til Anne Weiberg-Aurdal med den halvmeterlange strutsefjora. I Åmundgarden fann vi Ivar Aasen-bunaden og mange andre vakre ting. På Dravlaus og Fet fanst klede frå århundreskiftet og noko før det. I Toregarden på Dravlaus var ein usliteleg "dyffelsfrakk" med bestefaren sitt 10 cm høge broderte silkemonogram på innerlomma. Frakken har varma tre generasjonar og kan godt varme tre til. I Hansgarden på Fet var der eit raudt einskjeft brudeunderskjørt med lissebroderi frå 1874, og i Nilsgarden ei kvit hekla dåpshue med gullagraman rundt bremmen og rosetter av raude og grønne

silkeband. I Jørgarden registrerte vi den sjeldne, vakre hua i brosjert calmank, som var ein arv etter Ane Helene Olsdtr. f. Øvrebust 1815. Tre svart/kvitt filmar med 36 bilete i kvar, gjekk med før alt var fotografert. Alle klede vart cm-målte, stoff, fasong, pynt og saum vart vurdert og beskrive og ført på skjema. Filmar og skjemabøker vart sendt til Sunnmøre Museum si tekstil-avdeling til oppbevaring. Sidan vi fann så mykje fint, gjekk eg seinare over og tok fargefoto. Eg fotograferte også eldre bunader og bunadforkle både i Velledalen og andre stader i bygda. Fargebileta er samla i Sykkylven Bondekvinnelag sitt fotoalbum som er å sjå på Sykkylven Bibliotek.

1992 søkte og fekk Sykkylven Bondekvinnelag kulturmidlar, for på ein eller annan måte å bevare gamle bunadsmønstre i Sykkylven. Vi valde å ta fargefotostatkopiar av gamle forkle og vestar. Det fekk vi gjort hos Hjellegjerde Møbler, som tok førsteklasses fargekopiar av kleda. Sykkylven kommune sitt kulturkontor tok svart/kvitt kopiar. Også desse bileta kan ein sjå på Sykkylven Bibliotek.

Husfliden vart interessert i arbeidet vårt, og dei har no sett "Eldre sykkylvsbunad" i produksjon etter at Åse Fet teikna av mønsteret.

### Det fargerike 1700-talet

Slik fekk eg ei sterk interesse for klede i eldre tid og det vil eg fortelje litt om her. For å gå attende til grunnkjeldene skal eg fortelje litt av det presten Hans Strøm skriv om klesdrakta på Sunnmøre i "Søndmørs Beskrivelse" frå 1762. Han skriv at bøndene, både menn og kvinner, til vanleg kledde seg i vadmål som vart vove overalt. Vadsmål var også å få kjøpt av opplendingane som kom til Romsdalsmarknaden både med vadmål og andre varer. Også innførte stoff vart brukte. Både kvinner og menn likte å kle seg i fargerike klede når høvet var til det. Karane brukte calmank til brøstdukar, trøyer av kersey, og "røde franske huer". Til stas brukte kvinnene "røde kleded skjørt, pyntet med florettes band, og snøreliv av plysj og calmank", fortel Strøm.

Strøm skriv vidare om skilnaden på klesdrakta hos fjordfolk og øyfolk. Fjordakarane brukte side trøyer, øyekarane korte "rundtrøyer." Øyekarane, som var fiskarar, brukte mykje skinnklede. Dei brukte skinnhattar med tova ull til for, skinnbukser, og skinnstakkar som var sidekofter som dei drog over hovudet. Dei brukte skinnemar som dei drog oppover armane, og skinnstøvlar på føtene. Fjordakarane brukte meir ullklede, vadmålsbukser, ullbulingar, ullkufter og ullhuer. På føtene hadde dei snøsokkar av vadmål i staden for støvlar, skriv Hans Strøm. Dei hadde og lerstøvlar av heimebarka huder.

Av det Strøm skriv, får vi eit godt inntrykk av klesdrakta på 1700-talet. Vi merkar oss at tasklede var fargerike, at her vart brukt calmank, eit innført stoff, staseleg og sikkert dyrt. Det kunne vere av både silke og ull. Tipp-tipp-tippoldemor mi, Mari Hansdtr, Aure f. 1742, dotter til Hans Thommesen og Tyri Pedersdatter Aure, frå tunet som seinare vart kalla Pihlgarden, vart i 1763 gift

med gardbrukar Jørgen Larsen Fet frå Jørngarden på Fet. I 1775 døydde ho, 33 år gammal. Ho døydde frå fire småjenter, den eldste, Tyri, 9 år, den yngste Ragnhild, 1 år. I 1775 er der skifte etter henne, og vi skal sjå om ho var kledd som presten Hans Strøm skriv.

I skiftet er nemnt av klede:

- 1 sort klædes Kaabe med fags og sølvhekter udi
- 1 rød klædes Ståk med snore omkring
- 1 grøn kersey Trøye
- 1 sort klædes Hue
- 1 blå kersey Ståk
- 1 rød klædes Trøye
- 1 rødt sarses Snøreliv med blå ermer
- 1 gl Callemankes uden ermer
- 1 hvid lerrets Forkle
- 1 sort damaskes Hue
- 1 dreyels Tørkle
- 1 Sølv Agnus Dei med blokker udi
- 1 grønt klædes Snøreliv med røde klædesermer udi
- 1 Callemankes uden ermer
- 1 par blå Hoser
- 1 hvid lerrets Tørkle
- 1 tvinnastakk

Kleda vart delt mellom døtrene. Vi kan alle tenke oss at det ikkje var lett for henne å måtte forlate dei små døtrene sine.

Når vi ser på kleda i skiftet etter henne, ser vi straks for ei staseleg kone ho Mari må ha vore. "En sort klædes Kaabe," som var kepen hennar, med faks rundt kanten nede og sølvhekter i halsen, var eit staseleg ytterplagg. Så hadde ho ein raud kledesstakk med snorer omkring, kanhende perlesnorer. Pynt og band av forskjellige slag mangla ikkje, som Hans Strøm skriv. Kva brukte ho så til den raude stakken? Ei grøn kersey trøye står nærast. Kersey er eit ullstoff, det vart godt og varmt. Ville ho vere lettare kledd, tok ho det raude Sarses snørelivet med blå ermar, og til best tok ho sølvangsteiet på. På hovudet tok ho den svarte damask hua, kanskje med ein kvit liten blonde langs kanten. Skulle ho vere fin, tok ho dei blå strømpene på, det var bestestrømpene. Til kvardagsbruk hadde dei strømper av sauegrå eller svart ull. Skor er ikkje nemnt i skiftet, men "et par nye læderskoe" er nemnt i eit anna skifte, det hadde sikkert Mari og i si tid.

Det 17. hundreåret er eit spanande hundreår når det gjeld klede. Dei var fargerike og moten var kledeleg. Mor mi arva ei hue etter bestemor si, Ane Helene Øtsdtr. f. Øvrebust 1815, gift med Erik Olsen Kvamen, bae frå Stordalen. Dei bygsla Myra 2 på Velle. Hua er grøn i botn med blomstermønster i rosa og




krappraudt, med lyse, beige blad, i eit sjeldant vakkert stoff. I ei av Glåmdals-museet sine årbøker står ein artikkel av Ragnhild Fossum: "Studier omkring et skjøteliv fra Østerdalen." Av opplysningane og bileta såg eg at mønster og vevnad var sameleis i stoffet til oldemor si hue, som i skjøtelivet frå Østerdalen. Stoffet er vove i Norwich i England i tidsromet 1790-1797. Det er damaskvev, handvove og brosjert i ein del storblomstra parti i avvikande fargar. Botnen er satinvoven, og blomstermønsteret er i kypert, d.v.s. det vi kallar vend. Ein hjelpegut sat bak vevstolen og drog i snorer for dei skafta som skulle danne mønsteret, mønstertråden vart så ismett, veverimeistrar til landet, etter kong Edvard 3. sitt ynske, og starta veveriproduksjonen som skulle få så mykje å seie for landet sine inntekter i hundreåra som fylgde. På 1700-talet var Norwich det leiande distriktet, med tusenvis av veverar.

Det er lang tradisjon for veving i England. Så tidleg som i 1331 kom flamske Skjøtelivet på Glåmdalsmuseet vart førebiletet til Østerdalens festdrakt med lyst blomstra damask liv og raudt ull damask skjørt.


Som vi forstår vart det lenge før 1700-åra produsert dei finaste stoff. Vi kan tenke på vår norske prinsesse Kristina f. 1234 d. 1264, gift med den spanske tronfylgjaren, Då dei for nokre år sidan opna sarkofagen i Spania, der ho låg, såg dei at ho var kledd i ein fiolett taft damask kjole med innvovne gullaks. Stoffet var delvis bevart.

Før vi forlet det spanande og fargerike 1700-talet, nemner eg at det eldste forkle vi har med Sykkylvsrosa, er eit brudeforkle frå 1798. For å vere så gammalt, snart 200 år, er det svært godt bevart, i sær broderiet. Saumen er nydeleg utført.



*Oldemors lue. Stoffet er brosjert calmank, vove i Norwich i England på slutten av 1700-talet.*

Forkleet har tilhørt Olave Olsdr. Fausa frå Halkjellsgarden, som i 1798 gifte seg til Haugane i Ramstaddalen. I Hallkjellsgarden fann dei og forkle og vest til det som no er Strandabunaden. At Olave valde dette mønsteret som har så lang tradisjon i Sykkylven er ikkje så rart. Dei sydde av etter kvarandre den tida. Hennar næraste naboar var sætrejentene på La og Øggardsstølen. Jenny Drotninghaug Blindheim, fortalde i si tid om eit eldgamalt forkle med sykky1vs-mønster som dei fann på eit loft på Drotninghaug (Øggaren). Dette sydde dei etter. Alle dei gamle forklea i Sykkylven med dette mønsteret er likeeins. Fargane på tråden varierar litt, og ørsmå tillegg i mønsteret kan ein sjå. Ingen av vestane er like men alle har hjarterosa.



*Det eldste forkle med sykky1vsrosa, frå 1798.  
Eigar: Jorunn Svindseth, Haugane.*

### Svart frå 1870-åra

Vi har endå eit forkle mønster som er eige for Sykkylven. Det er eit staseleg forkle frå 1852, sydd av Ane Ingebrigtssdotter Brudevold. Namn og årstal står brodert tvert over forkledet. Dette mønsteret er heilt ulikt det andre sykky1vsmønsteret, men svært fint utforma og i nydelege fargar i gylne, rustbraude og lyse nyansar. Presten Eilert Sundt kjøpte forkledet av Ane ein gong han var i Sykkylven. Det er no på Norsk Folkemuseum på Bygdøy. Der er og bunaden til Emte Drotninghaug som Klara Semb kjøpte og gav til museet. Eg skreiv til Aagot Noss og fekk kjøpt fargedias av baa desse kledningane. Fargefotoa er å sjå i baa

permane på Sykkylven Bibliotek.

I Sykkylven har vi eit foto av eit brudepar frå 1861, teke av fotografen Marcus Selmer frå Bergen. Det er av pige Lovise Hansdtr. Fet frå Nilsgarden og enkemann Elling Pedersen Hole, som då hadde kjøpt Nedste Einane i Straumgjerde. Jon Hole, som fann biletet i arkivsamlinga etter Selmer, har förstørra opp biletet. Det er no i Sykkylven Sogenemnd si eige. På biletet ser ein godt korleis både brud og brudgom er kledde. Bruda har ei staseleg sølvkrone med rose krans og silkehengel som ser ut til å vere mønstra. Ho har den tradisjonelle bringesmikka pynta med syljer, hjartespeil og sylvband, og kanta med kvit kniplingsblonde. Ein kvit bruskrage står opp rundt halsen, og på bringa ber ho eit sølvangskei i kjede. Trøya ho har er sid, kanta med eit band nede. Stoffet i trøya er klede. Brudeskjørtet var sikkert av svart calmank, som dei brukte i desse åra. Forkledet er kvitt og i beltet heng eit silketørkle. Det er trulovingsgåva. Over eine annen heng eit klede som låg over armene under vigsla. Dette er ein eldgammal skikk som endå er i bruk til dømes i Hardanger.

Brudgomen har svarte klede. Trøya er dubbelknappa og vesten går eg utfrå er ein silkevest med blanke knappar. Han har kvit skjorte med nedbretta krage og svart handknytt sløyfe. Hatten har rund poll. Den andre mannen som står der, er tilsvarande kledd. Han står med ei klunkeflaske og eit beger, ynskjer dei gjerne velkomne frå kyrkja. Dei to kvinnene som står der, har kollehue med silketørkle rundt, knytte i ei sløyfe framme. Den eine ser ut til å ha eit mørkt brodert forkle. Det kan vere litt av Sykkylvsrosa vi ser der. Kvinna til høgre har eit ruvende krinolineskjørt. Dei brukte vidjer til å stive av skjorta med. Biletet er å sjå i Jon Hole si bok; "Bygda og folket i farne tider." Bd 1.

Oldeforeldra mine, Ane Helene og Erik Olsen Kvamen, vart gifte i 1848. Det eg veit om deira brudlaupsklede er at brudgomen sydde brudeskorne. Det var laveskor og dei var fora med raudt klede. I pløsen var eit fint utskore mønster. Bruda sydde nok brudgomsskjorta som skikken var, og i halsen hadde han sikkert den blanke skjorteringen av sylv som mor mi. Lovise Sofie f. Drabløs arva etter han.

Brudene på 1850- og 60-talet hadde calmankskjørt og brudgomane silkevestar og kledeskledde. Generasjonen etter dei, var kledde i einskjefte og vadmål. Og alt skulk vere svart. Frå 1870,-80 og -90-åra registrerte vi ein god del klede. Kyrkjeklede for menn og kvinner til dømes. Dei skilde strengt mellom kleda før. Arbeidsklede av ymse slag etter som arbeidet var, sundagsklede og kyrkjeklede. Kyrkjekleda var gjerne brudlaupskleda som dei rekna med å ha heile sitt liv til besteklede. Kyrkjekleda hekk på stabburet. Dit gjekk dei og bytte på seg, og dit gjekk dei og bytte igjen straks dei kom frå kyrkje, og tok på seg sundagskleda. Bestekleda måtte ikkje kome i nærleiken av mat, elles var dei ikkje uredde for møll og uty. Mannskleda vi registrerte som kyrkjeklede var av vadmål. Enkeltpent jakke med krage og slag, enkeltpent vest, kvit skjorte med linning



*Dette forklede er merka: Ane Ingebrigtsdotter Brudevold, Anno 1852. Eigar: Norsk Folkemuseum, Bygdøy.*

i halsen, smale og breie biselegg på skjortebrystet Det som særmerker desse åra, er dei svarte kleda. Alt var heimeverka, spunne og vove, og sendt til pressing og overskjering når det skulle vere til besteklede. Bestemor mi, Berte Marie Jørgensdtr. Gjævenes, gifte seg i 1882, med Nicolai Olsen Fet. Ho hadde eit svart overskore einskjeft skjørt og ei svart fløyelstrøye som brud attåt krone og bringeduk med sylv. Det vakre brudepyntet var vermora sitt, Ragnhild Caroline Larsdtr. f. Drabløs. Det fekk ho med bestefaren istadenfor garden han hadde kjøpt til henne, for gard gifte bo seg til. Brudgomen, bestefar min, hadde svarte vadmålsklede, og kvit skjorte som sikkert

bestemor hadde sydd, som skikken var.

Eg hugsar ei annan skjorte som bestemor hadde sydd til han. Skjorta var av raud, tynn einskjefte, pynta med smale svarte krokklisser på ermekragar og herdalaskar. Ho var sydd som bunadsskjortene er no, med vide ermar der rynkene var stripa fram til ermekragane, og foldelagt til herdalaskane. I halsen var ein smal linning. Skjorta hekk på stabburet då eg var lita.

Frå 1880- og 90-åra registrerte vi få broderte brudeforkle. I handelen var då å få forkle av satin og silke, fint pynta med bordar i rosa, eller lilla og grønt. Desse var nemnde som brudeforkle. Til krone og bringeduk 1ste dag, brukte dei gjerne kvite forkle som vi ser på fotografiet frå 1861. 2 dag hadde dei gjerne broderte forkle eller kjøpeforkle, og alt vart kalla brudeforkle. Dei svarte kleda rådde også i 1890-åra. Endå var det svarte brudekjolar av einskjefte. Men dei unge kvinnene visste likevel å pynte seg. Fasongane vart meir varierte, og no var det fløyelsbanda og perlesnorene sin store epoke. Trykterosakjolane kom, polkatrøyene kom, om det var heimespunne eller heime vove, kan de likevel tru dei var elegante.

Grannekona mi, no avlidne Johanne Fet, fortalde om brudekjolen til mor si, Elen Lade frå Hallkjellgarden på Fausa, gift i 1890. Kjolen var av svart ull kjøpety, og det var det ikkje mange som hadde. Skjørtet var sydd med glatt fangdeld framme, flat folder på sidene og piperynka bakdeld. Dette var sykkylvsmoten. Elen ville heller ha strandamoten med motfold bak, men bestemor til brudgomen ynskte at bruda skulle fylgje sykkylvsmoten, og slik vart det. Skjørtet var pynta med ei 2 cm breid perlesnor som gjekk rundt skjørtet ca 15 frå kanten nede. Perlesnora hadde rett overkant og små spissar i nedre kanten. På kvar side av perlesnora var det to fløyelsband. Trøya var tilsitjande med figursaummar i ryggen. Spiler var påsett langs saumane og trøya sat som støypt.

Johanne hugsar også bestemora og oldemora sine besteklede. Bestemora, Johanne Severine Lade, hadde svartmønstra calmankskjørt. Det var sikkert brudeskjørtet hennar. Det var nok også oldemora, Kristoffa Lade, sitt silketaft skjørt med blanke svarte striper på tvert, breiare og smalare. Dette viser også korleis det av ein eller annan grunn vart ei forandring i 1870-80-åra, då det for det meste vart brukt heimeverka svart einskjefte til kvinneklede. Endringa hadde nok fleire årsaker. Det kunne ha ei økonomisk side. Viktigast var det nok at den religiøse pietismen fekk eit sterkt grep om menneskesinna desse åra. Det vert fortalt om religiøse vekkingar som greip sterkt inn i heile bygdelivet i Sykkylven i siste halvdel av 1800-åra. Då skulle dei jordiske gledene forsakast.

Johanne som var fødd i 1895 hugsar når oldemora, Kristoffa F. Aurdal 1831, gjekk til kyrkje. Frå Lade til Aure er to mil. Ho gjekk i kepen sin som var av svart vadmål med piperynker rundt halsen, oppståande krage fora med raudt ty, stenge i halsen med krok og lykkje med plate på sidene, kanhende i sylv. I kanten nede var påsett eit vove band.

Desse kleda var ikkje med i registreringa. Det var derimot ein annan brudekjole frå 1890. Det var ein svart brudekjole i einskjeffe, med stor tunga pelerinekrage kanta med fløyel. Trøya hadde fløyels innfelling framme, og fløyelsband pynta det delda skjørtet både langs framsaumane og rundt kanten nede. Skjørtet var 12 cm sidare bak enn framme, for å slepe i golvet. Ei stilig, åletynn brud, Thomasine Karolusdr. Velle frå Jogarden, bar denne kjolen i år 1890.

### Ein ungdommeleg og lysare stil

Ein trykterosakjole frå 1890-åra er bevart. Den er burgunderfarga i botn, rikt overmønstra i svart. Skjørtet er delda, dette er også sydd slik at det slepte i golvet. Trøya er figursydd og pynta med fløyel. Det var ei staseleg Bastianne Aure som skreid oppover kyrkjegolvet om preikesundagane ved sida av mannen sin, ordførar og kaptein, P.C.N. Aure i si kapteinsuniform. Hadde ho det flotte silkesjalet sitt, stort som ein duk, med 50 cm lange silkefaks, såg ho ut som ei dronning med kjolen slepande i golvet. Han var nok kry av si unge, vakre kone, kapteinen.

Vi registrerte brudgomstas også. Perlebelte og ermkragar frå århundreskiftet og framover. Perlebelte var det vanleg at jentene gav kjærastane sine i trulovingsgåve. Dei sydde dei sjølve i nydelege fargar og mønstre. Jentene fekk silkesjal eller skrin i trulovingsgåve.

Mellom 1900 og 1910 vart det slutt på dei svarte kvinnekleda. "Ljosetrøyene" kom. Det var trøyer av lyst bomullsstoff, ruta eller småblomstra til sommars-bruk. Moten letna og fargane kom fram igjen.

I 1912 gjekk Olava Erstad på Sunnmøre Husmorskule i Ørsta. Der sydde ho "Ivar Aasenbunaden" sin. Ein lett og fin bunad med blomsterbroderi, som ho brukte kvar 17. mai i heile sitt liv. Ho trulova seg med Ole Welle, og sydde trulovingskjolen sin, rikt brodert, etter Hulda Garborg si bok "Norsk prydsaum". Dette, og mykje meir, registrerte vi av hennar rike produksjon av saum og handarbeid av mange slag, alt vel teke vare på. Etter hennar tid av ungefoket i Åmundgarden, Elsa og Lars Welle. Det same vil eg og seie om gardsfolket i dei andre tuna der vi registrerte klede og tekstilar. Alt var pietetsfullt teke vare på.

Frå tida mellom 1910 og 1920 har vi ei mengde fotografi. Der ser vi korleis dei då var kledde. Lyse, lette stoff kom då, med pynt av mange slag. Ein feminin mote rådde, noko dei aller fleste kledde. I staden for dei svarte silkefaksaplagga kom lette sommarhattar. Ungdomane var i lag i store flokkar, dei heldt stemne og gjekk på tur. På biletet vårt ser vi dei på fjelltur. Jentene i lyse blusar og side skjørt, kaffekjel og ei korg full av god mat er med. Bak står kavalerane med kaffekopp og sandskorpe i handa, med breane i bakgrunnen. Sola skin på lyse skjorteermar, glade andlet og klede for unge i deira tid.



*Ungdompd tur i Regndalen, ca 1913. Første rekkje frå venstre: Adolf Weiberg-Aurdal, Olivia Hjorthol, Laura Fet, Lovise Drabløs, Bastianne Drabløs. Andre rekkje frå venstre: Petter Hole, Karl Brunstad, Berte Drabløs, Jens Fet, Ole Severin Drabløs og Johan Drabløs.*

### Ordforklaringar:

Calmank var eit mønstra silkestoff, brukt på 1800-talet. Det var som oftast svart, med matt botn og blanke roser, brukt til skjørt. "Kalmankstakk" var gjerne eit statussymbol.

Deld. Skjørtet var klipt i deler. Det er stykke som smalnar opp til beltestaden. og breidnar ned for å gje skjørtet fasong.

Gull-agraman er vovne gullband.

Angstei - Folkeleg form av uttrykket Agnus Dei. Angstei var eit sølv hengesmykke, brukt til brudedrakta.

## Sætreferd og sætreliv

Björg Sørensen f. Brunstad (1931) hørde til den siste generasjonen som fekk oppleve sætrelivet i Velledalen. Ho var sætretaust frå ho var 14 år i 1945 og åtte år framover. For Björg Sørensen står sommardagane på sætra fram som lyse ungdomsminne. Men sætringa var ikkje berre romantikk. Det var dagar fylte av hardt arbeid og dagar brennheite av sol og dagar då både folk og fe vart mykje plaga av mygg og klegg. Om sætretaustene så fram til vekene på sætra før dei drog, så lengta dei like mykje heimatt dagane før sætreopphaldet var slutt. Endeleg kunne dei slippe å stå opp klokka seks kvar morgon!

AV BJØRG SØRENSEN

Ei veke eller så etter jonsok tok maten til i minke i heimehamnene, og mjølka minka i mjølkebyttene. "Nei, dette går ikkje lenger," sa mor, ho kom og viste far kor lite mjølk ho hadde fått i bytta. Han var samd: No måtte kyrne flyttast på sætra.

Det var mangt som måtte forberedast til denne ferda. Det var gardar som skulle gjerdast, vegar som skulle grusast, bruer som trong vølast. Ikkje å forgløyme taka på sela som kanskje trong oppattekkast. Alt dette skulle gjerast i fellesskap.

### Sætreferdmøtet

Ein kveld etter at onnearbeidet var unnagjort for dagen, skulle karane samlast i svingen for å drøfte sætreferda. Alle karane på Brunstad såg seg tid til å gå på dette sætreferdmøtet, endå det var midt i langhøyslått. Dei hadde nok vore tidleg oppe og kava kvar på sin plass, No når klokka nærma seg halv ni og alle høvflekkane var komne i såte, såg karane seg syn med å gå heimanfrå.

Sola sende sine siste strålar for dagen over Trollkyrkjenutane. Om ein knapp time var ho nedfor fjellranda. Det var nokre timar til sommarnatta dimmast. Desse timane skulle brunstadkarane bruke til å drøfte sætreferda.

Vi borna var og sjølv sagt på plass, kanskje før karane kom. Eit par av gutane kleiv opp i Bø-Knut-lønningen. Jentene sveiv att og fram på vegen. Dei fleste av gutane hadde kortbukse som rakk nedom knea. Dei var heimesyddde av kvite sukker- og mjølsekkar. Ikkje alle mødre hadde vore heldige å få bort namna av sekkane. Vi kunne lesa ord på kleda som; Prima vare -Refinert Patent - Vaksdal Mølle og Importert vare. Men tyet i sekkane tente godt til det føremålet det vart brukt til; smågutbukse.



Forresten, tok du ein tur på gardane ein vanleg kvardag, var det nok mang ei gardakjerring som hadde både forklede og kjole av desse sekkane. Ja, Rabbe-Jonna sydde nok mang ein matroskjole til dalens "ungpiker" av fine sukkersekker.



*Ein dag i slåtten, om lag 1950. Frå venstre: Karoline Brunstad, Kjetil Brunstad, Sara Bø. Alf Brunstad bak set opp heser.*

Så kom då karane, ein etter ein. Nakke-Kallen og Nakke-Petter gjerne først, så dei andre: Bø-Sverre, Jørn-Ole, Sølmon-Petter, Tore-Karl, Mons-Konrad, Klaus-Ludvik, Nygards-Johan, Øye-Pit og Brua-Carl. Alle hadde store bøter på dongeribuksene sine. Dei fleste hadde teke på seg ei betre jakke eller blåtrøye. Sist kom Tøsten-Olav. Han var sein for han hadde vore med på mjølkinga, og kyrne hadde vore seine før dei kom. Hendene sette han djupt ned i bukselommene, dongerijakka hang bakom armane. Helane sette han hardt nedi vegen, og no då han var så sein tok han lenger steg enn vanleg. Fleire av kjerringane på gardane kom først no att i frå mjølkinga i sommarfjøsene. Det var både Øye-Kalla og Brua-Anna. Kalla med dragevogn og eit halvfull 15 1 spann. Anna med eit hissetre over nakken og skuldrane og ei tom raskbytte på ei side og eit 10 1 meierispann på hi sida. Dei hadde teke med seg litt mjøl i lag med rasket i dag, for mjølka hadde minka slik. Dei riste på haudet. No var det jammen på tide at kyrne kom seg på sætra. Kyrne drygde lenger og lenger før dei kom seg heim til sommarfjøsene om kvelden, kunne dei fortelje, og det skulle vere rikeleg med mat på sætra.

Så sat dei der og rødde om den føreståande sætreferda. Alle var forsåvidt samde om at no måtte kyrne flyttast på sætra, før hamnene vart rotgnaga. Men mest ivrige for det var kanskje Akslegjerkarane, dei hadde dårlegaste heimehamn.

Replikkane fall mellom karane om både eitt og hitt. Mest ordram var kanskje Nygards-Johan. Berre Bø-Knut Karoline møtte ikkje på dette møtet. Ho var ikkje alltid på bølgelengde med karane. I dag var ho så forkava med å sæte ein høyflelkk ovaom stabburet. Øyken drog rakriva i god fart. Den kjende lyden av tindane kvar gong drengen, han Kak-Ola, trødde på arma som berørte tindane, skar alle i øyro, og han Ola sende ukvemsord til dei som var i svingen. Karolina hadde eit eige lag med å snakke med seg sjølv, og ho hadde den uvanen at ho snakka så høgt at alle høyrde kva ho sa. Slik også i dag. Ho drog det kvite haudeplagget godt ned til augnebryna, skugga for sola med handa for å sjå betre kven som var i svingen i kveld. Ho brydde seg ikkje alle tider om å flytte på sætra når dei andre flytta. Ho hadde kyme fram i Høla og Gjerøyna, og grinda vart ofte gløymt til naboane, så kyrne hadde rikeleg med mat!

I det fjerne høyrdest duren av ei slåmaskin. Det var Pe-Ole på Hjortdal som var så forkava med å slå no om kvelden når sola gjekk ned. Det var svalare for øyken då. Ole ville gjerne nytte den gode høytærra som såg ut til å vare ved i morgon og. Naboen, Plasse-Petter, skimta vi bak hasselrunnane. Han stod og skreva og slo med langorv i svart vest og kvit langerma skjorte. Han og ville sjølv sagt nytte den gode tærra. Men bakom alt låg nok kappånda på lur med begge karane. Men no sat Brunstadkarane i svingen og drøfta sætreferda, og det dei trong å gjere. Fleire fann fram snusøska og skråtabakken og tok ein ekstra bit av den. Då rotene til vegen vart drøfta vart karane med eitt så høgrøsta. Alle meinte at det dei skulle gruse og halde ved like var det verste stykket. Og mange skuldingar om dårleg arbeid vart slengt.

Så var det gardane (gjerda) som vart drøfta. Stort likare var ikkje stemninga då. Dei fleste meinte at gardabolkene som var lagt til dei var godt helden, andre kunne fortelje det motsette. Slik sat dei å rødde. Stundom fornuftige, ofte var dei arge og ufornuftige. Alle var samde om at dagen etter skulle karane avgarde og setje i stand vegar og gardar. Vinteren hadde nok fare hardt fram med dei. Og dagen deretter skulle sætreferda foregå. Med det var møtet slutt. Klokka nærma, seg tolv. Sommarnatta var disig, litt kjøleg, men ly s, då karane rusla heim for fl få seg ein vel fortent kvil.

Kjerringane hadde nok lagt seg, men av nysgjerrigheit var dei fleste vakne for å få frette i frå sætreferdmøtet. Å få jage kyme på sætra var mest som ein ferie for ei gardakjerring på den tida. Mange hadde ei vaksen dotter eller ei tenestetaus som tok over kyrne og mjølkinga desse 7-8 vekene då dei var på sætra. Gardakjerringane kunne då ofre seg for anna arbeid som slått og småhøyslått.

## Pliktarteid

Grytidleg neste dag vakna eg av at det dundra og skrangla etter vegen. Eg reiste meg opp i senga for å sjå ut av glaset. Der var dei første brunstadkarane alt komne med øykene sine og skeissekistene fulle av strengbuntar, never og den reiskapen dei trong for å vøle på sætrevegen, gardane og sela. Det var ikkje lange ykta før neste skranglinga av same køyredoningane for fram forbi huset vårt. Snart var alle karane i frå kvar gard på veg til pliktarbeidet. Det gjaldt å vera tidleg ute, skulle dei få unna alt som trongst gjerast på ein dag. Sola var komen tidleg, men i dag var det meir skyer på himmelen. Kanskje det vart regn ut på dagen. Men til dette arbeidet med vegar og gardar trong dei ikkje terre. Det kunne like gjerne utførast i regnver.

Snart var alle karane i fullt arbeid. Stundom var det ei grov som hadde tetta vatnposten i vegen, og grusen reist. Så var det å opne vatnposten, og gruse på nytt. Ofte var det vanskeleg å finne grus, då vart aur brukt. Karane vart ofte arge og sinte på kvarandre denne dagen. Dei passa vel på at dei andre gjorde skikkeleg arbeid. Utpå dagen var vegen stelt og godt køyrande med hest og hjulslede.

Etterpå var det å ta fatt på gardane. Alle visste vel kvar dei hadde gardbolken sin. Du hørde folk prata, hogg og banka oppetter heile lia, like oppå Kollen på Brunstadsætersida. Også på Vallasætersida var gardar som måtte haldast i stand. Heilt i frå elva og opp til Skinnstø. Utpå dagen var og gardane istandsette.

Karane tok no gjerne ein tur fram på setra for å vøle på eitkvart der. Kanskje taket på selet hadde ein drope. Eller der var ein bås i fjøsen som skulle ha ei ny fjøl. Dessutan skulle alle basane fyllast med torv så kyrne kunne ligge godt og mjukt når dei kom heim til sætra om kvelden. Elles skulle stølsstykkka stellast. Mykra frå i fjor som låg i ein dunge utfor fjøsen vart spreidd utover. No var alt nødvendig arbeid unnagjort, og karane gjorde seg klare for heimreis. Øykene som beitte i Trøne vart kalla på, og påsela, spent for skeissekista, og karane sjølve heiv seg opp i den tome skeissekista. Hest og mann daffa så heim etter sætrevegen, trøyte men vel fornøgde.

## Flyttelass

Det var ikkje berre karane som skulle førebù sætreferda. Så snart dei var reiste på pliktarbeid, tok sætretausede til å leite fram eit og anna som dei trong. Det var to-tre par koppar. Ein måtte ha såpass om det kom skyvjarar (frierar) til støls. Noko kjørel vart medteke, både av det eine og det andre. Ein liten gammal fløytemugge og ei like gammal sukkerskål vart og framleitt. Det same vart ein fin duk, brodert på ein kveitemjølsekk. Ein velbrukt kaffekjel og ei like velbrukt panne vart oppussa med stålull så dei skein som nyinnkjøpte. Det skulle bli godt å få koke seg ein kaffitår av og til. Sengeklede måtte takast med. Heimevove ullteppe og ei heimelaga ullplate med eit kvitt dynetrekke brodert i alle fargar,

## Bufheet i trøna



*Endeleg har kyrne komne fram på sætra. Dei som tek i mot dyra på Brunstadsætra er frå venstre: Johanne Skogvold, Jon C. Brunstad, Odd Brunstad, Berta Kvammen, Laura Hjorthol, Sara Bø og Olga Brunstad (bøygd). Sela er frå venstre: Nye Toreselet, Bruaselet og Monsselet. Legg merke til kor skrinne kyrne er!*

også av kveitemjølsekkar. Ei småpute i same ty og med same fine broderiet, i tillegg eit hekla sengeteppe, høyrde med. Og si måtte ein ikkje gløyme å ta med ny sengahalm. Gutungane vart sende i løa for å hardpakke eit par sekkar med halm. Halmen var frå siste haust og han måtte vere av havre. Halm av bygg og kveite stakk slik at han knapt nok var brukande.

Bilete på sætreselveggane, ja det var framsider av gamle vekeblad som byfolk som bruka få bu på gardane om sommaren hadde lagt att. Det var ofte bilete av både kongen og dronninga, Sonja Henie, fine kattepusbilete og naturbilete. Alle desse bileta tok ein vel vare på for å ha til sætrebilete. Pyntehandduk måtte vi ikkje gløyme. Dei var fint utboderte med tekst som t.d. "Eit fullt stabbur gjer ei god husmor." Pyntehandduken skulle skjule vaskefatet av emalje eller blekk som stod på ei eplekasse som var trekt med fint papir, og som var plassert i ei krå av selet nedfor sengenden. Så var det mjølkebytte, meierispann, avkjølingsspann, ein firføtt mjølkekrakk, soplim og greip.

## Sætreferd

Neste morgon var alle tidleg oppe. Både gamlefolk, ungefolk og mange av borna var med på å gjere kyrne reiseklare for flytting til sætra. Kyrne skjønte vel kva som stod føre. Dei var urolege, trampa og sleit hardt i banda sine. Endeleg hadde mor mjølka frå seg, men det hende ofte at kyrne var så urolege at dei steig opp i mjølkebytta. Far løyste så banda deira og dei var ikkje seine om

å kome seg av basen og ut av fjøsen. Dei bykste i kite og glade sprett bortover vegen. Bjøllekua i teten. I dag tok ho ikkje den vanlege råsa i geila som leidde til heimehamna. Nei, ho stemnde utover vegen, runda svingen og gjekk oppover mot sætrevegen, endå ingen hadde jaga dei den vegen. Dei visste kvar dei no skulle. Gutane måtte vere snare på foten for å kome i førevegen opp til Yrkleet og få det opp før buskapen kom dit.

Berre kvigene forstod ingenting av heile oppstyret, så opp til Yrkleet måtte alle som kunne vera med hjelpe til å halde styr på ungdyra. For det var ikkje bra at dei for utfor vegen og vasma i uslegje gras.

Etter kvart dovna iveren og det vart eit rolegare tempo. Når så dyra var komne inn på sstrevegen, fylgde ein eller to med buskapen fram på sætra. Dei andre gjekk nedatt i tunet.

Eine buskapen etter den andre får oppover Brautene. På bjølleklangen visste ein kva for buskap som var på veg til sætra. Øyebjella var sær lydhyrd og god å kjenne. Den hadde Øyefolket fått frå Finnmark og det var ei reinsdyrbjølle. Kalla hadde ein bror der.

Etter ein god time var alle buskapane nådd sætra. Kyrne vart då så glade at nærsagt alle sette i å raute når dei for over setrebrua. Snart fann dei att sine gode beiteplassar rundt stølen. Oppom sela i Trøne var det svært saftig gras og kyrne åt og var velfornøgde.

Fram mot middag tok hestane med sætrelassa til å kome. På kvar gard hadde dei ein hest, og når åtte-ti hestar kom, vart det eit svare leven med hesteknegging og trav i Trøa, for hestane vart sleppte lause og fekk gå kvar dei ville.

Etter kvart kom og setrehausene til støls, og dei tok til å stelle selet i stand. Oftast var det på Brunstadsætra åtte-ti sætredeie. Der var 15 brukarar, men mange av sætredeiene tok ein ekstra buskap i mjølking. Pengane for dette fekk jenta som mjølka. Ho hadde frå femti kroner for dette arbeidet for ein heil sommar. Så fekk ho ein godbit, som vafle, bolle eller anna godt i tomspanna kvar laurdagskveld.

Snart rauk det ein blågrå røyk i frå alle piper. Den gode røyklukta av brent never, eine og gamle bjørkakvister breidde seg over heile stølen. Det store setreeventyret som vi i fleire veker hadde venta på, var no ein realitet. Vassbytter vart henta i sætreelva og vatnet varma på omnane. Så var det til å skure og vaske både inn selet og utselet med god heimekokt såpe. -På alle gardar koka dei all den såpa dei trong både til klesvask og husvask. Det var så vidt ein hadde råd til å kjøpe ansikt såpe- Snart var alle sela vaska og stelte for sommaren. Sætrelasset vart så innteke, senga oppreidd, vekebladbileta oppspikra på veggane, eplekasa vart kledd, pyntehandduk og vaskefat kom på plass. Golvteppa kom på og den store gode, nyvaska salpetersekken vart lagt framfor døra. Eine vart hogd og lagt utfor seldøra og utover selgolvet. Kvar fredagskveld vart denne einen byta. Bjørkalaug vart og henta og hengt i heile selet. Når dette

var gjort sig selet ut som ei lauvhytte, og den gode angen av bjørkalaug og eine reiv deg i nasa. Det kom vel med for å døyve fjøslukta som vart i selet. For under selet var fjøsen, og då seier det seg sjølv at lukta av dyra som låg i fjøsen om natta trekte seg opp i selet. Vi var ofte plaga med at maten som var i selet tok smak av kyme. Verst var det med åfarringene (mjølkeringer). Dei tok lett smak. Vi sette gjerne åfarringene i sel som ikkje hadde fjøsen under. Åfarringer ville alle ha, for det var greitt å ha slikt i bakhand om nokon heima gard a tok turen til støls ein sundag ettermiddag. Eller tenk om det kom skyvjarar om laurdagskvelden. Ungdomen var ikkje annleis då enn han er i dag, dei ville gjerne treffast, og sætra vart gjerne som eit ekteskapsbyrå. Mangt eit ekteskap på gardane hadde sitt opphav på sætra.

Etter at onnarbeidet var unnagjort om laurdagen fann gutane fram bestebuxa og kvitskjorta si, vaska seg på beste måte, vassskjemde håret og drog til støls. Jentene venta på gutane når laurdagskvelden kom. Det vart litt meir liv i jenteflokken. Alle pussa og vaska sela til helga. Når mjølkinga vart gjort laurdagskvelden, fyrte kvar jente opp i selet sitt, fekk seg varmevatn og vaska seg godt til helga. Det var ikkje bad eller dusj i husa den tida. Men på dei varmaste dagane fann vi vegen til sætreelva og tok oss eit kaldt bad der. Vi bytte deretter til reine klede og så var helgafreden komen.



*Søndagane fekk budeiene ofte besøk frå bygda. Her er gjestene fotograferte utanfor Sølmonselet. Frå venstre: Ole Flem, Lars Brunstad, Oddbjørg og Johan Skogvold og ein trønder med etternamnet Sjøflott*

## Friskt og kaldt vatn frå sætreelva!

Det var helst ei av jentene på kvar gard som gjekk på sætra, men der var og gutar. Det hende at somme hadde berre gutar, då vart ein av dei sende til støls som setredeie.

Vi var oftast åtte-ti sætretauser på Brunstadsetra. Eit år eg gjekk der var vi 12 tauser (og nokre gutar). Det var ofte stor aldersforskjell, sætredeiene kunne vere frå 14 og opp til 50 år. Eg tok til å gå på setra det året eg var konfirmert og eg gjekk i alt i åtte år.

Ut på ettermiddagen var det å leite fram fjøskleda, mjølkekjeralda og så få kyrne inn i fjøsen og på båsane sine. Men det var ikkje alltid så lett. Fjøsen var så trang og så lav at du kunne ikkje gå bein. Etter at kyrne var komne på plass i båsane var det å ta fatt på mjølkinga.

Så godt det var å lene haudet inn til sida på kyra og berre la mjølka gå taktfast i bytta! Det vart ein fred og ei ro i fjøsen. Ofte vart kyrne såre på spenene sine og flugene kunne vere plagsome, så det var ofte at dei sparka med føtene og slo med rompa så det var vanskeleg å mjølke. Ja, rett som det var fekk budeia seg ein smekk av ei ski ta rompe rundt øyrene. Var ein rett uheldig kunne kvigene stige opp i bytta slik at all mjølka vart skjemd. Det var viktig at budeia tidleg i sætreferda smurde spenene og jura til kyrne med feitt etter at dei var vaska. Ein godbit til kvar kyr måtte ein og ha. Det var ofte ei tørrsild eller ein neve med mjøl, eller kanskje rett og slett ei klype med salt. Dette var for at kyrne skulle kome heim til stølen om kvelden.

Etter at mjølkinga var unnagjort, vart det ei eiga ro i fjøsen. Du hørde berre eit stønn no og då, etter kvart som kyrne la seg ned. Dei var nok trøytte etter ein slitsam marsj inn i dalen eller opp på Kollen etter det grøne og saftige fjellgraset som voks oppunder snøbreane. Du hørde raslinga no og då av jamhanda når bjøllekua riste på haudet for å jage vekk flugene.

Når mjølkinga var over, gjaldt det å få mjølka fort avkjølt så ho ikkje surna før ho kom til meieriet. Alle hadde sin faste plass i den iskalde sætreelva. Her hadde karane på garden i fellesarbeidet laga til trestokkar og fjøler som passa for meierispann. I elva var det god avkjøling. Ei så god og kald mjølk som sætremjølka fekk du aldri. Etter at mjølkekjørela var vaska i sætreelva tok vi gjerne mjølkebytta full med reint kaldt elvavatn. Det kom frå Kollsvatnet oppunder Sætretindane. Det var lite oppi dagen på si ville ferd nedover i dei djupe juva. Mang ein gong drakk vi oss utørste når vi kom sveitte og varme fram sæt re vegen.

## Trygge lydar

Når kveldsstellet med dyra var over, hadde vi heile kvelden til å kose oss i lag. Vi vaska og stelte oss på beste måte, og så samlast vi alle i ein av sela, tok med oss litt mat på ein asjett og den som var vert, koka kaffe til oss andre. Alle hadde

eit handarbeid med. Somme broderte, hekla, gimpla eller slo nupperelle.

Når det lei fram på sommaren tok det til å mørkne kveldane. Då vart parafinlampen tend og då vart det ei eiga koseleg atmosfære. Som vi kunne hygge oss desse kveldane på sætra! Eg hugsar at vi ein gong hadde fått tak i ein sveive grammofon med mange plater til. Vi spelte og spelte på dette nyhendet. Vi vart aldri trøytte av å sveive og sveive. Det var kjende songarar som Harry Brandelius, Einar Rose og Gerd og Otto.

Men ofte van det fortalt spøkelseshistorier. Den eller den hadde både sett og høyrte overmaturlege ting, og det hadde som oftast hendt på sætra. Kjerringar som somme hadde sett, hadde plutsleg forsvunne framfor augo på dei. Når vi då skulle gå å legge oss i kvar våre sel, var vi nokså redde. Men heldigvis låg ofte to og to i lag. Ja, det hende og at vi låg tre i same senga. Av og til var kvelden svart. Særleg når det leid ut på seinsommaren og det attpåtil var regn og skodde. Så snart vi stakk haudet utfor seldøra desse kveldane, flaksa flaggermysene rundt øyro på oss, og det vart hyl og skriking.



*Ein godverssøndag på Brunstadsætra har buideiene fått vitjing av ein kar frå bygda. Frå venstre: Leikny Kristianslund, Kristian Sørle, Oddbjørg Skogvold og Astrid Berge. Sela vi ser er frå venstre: Øyeselet, Sølmonselet, Toresetlet og Bruasetlet.*

Godt var det då å få kome seg inn i eit sel og stenge att døra. Ein eigen dām slo mot deg med ein gong du opna seldøra di. Det hadde oftast vorte fyr i omnen, og ein god lonk slo i mot deg, blanda med angen av bjørkakvistar under takbjelken.

Godt var det å krype under dyna, sjølv om det ofte vart i trongaste laget i senga, to i haudenten og ein i fotenden. Så låg vi der å skulle prøve å sove, men det var ikkje alltid like lett. Det var mange lyder å høyre. Stundom var det Grådue som



stynde, så var det Rølin som pissa og dufta steig opp i selet. Eller så riste bjøllekua i Øyefjosen på haudet. Ho hadde så særmerkt ei bjølle, du høyrde ho mest over heile sætra. I det fjerne dura sætreelva, og klokka tikka på bordet. Alle desse framande lydene kunne vere med å halde oss vakne dei første dagane på sætra. Etter kvart vart vi vande med dei, då var det mest som ei trygghet med desse sætrelydane.

Å vakne om morgonen før klokka seks var ikkje alltid så enkelt for ein ungdom mellom 14 og 20 år. Kvar og ein hadde nok ei gammal vekkar klokke med tre bein og ei stor bjelle. Men å vakne av ho var ikkje lett, for ofte vart oppseta i sela vel lange. Då var ei eldre sætrelaus god å ha til vekkar. Ho for frå sel til sel og banka inn i veggane eller kasta stein på døra. Ein gong var ei uheldig og trefte ei glasrute. Det var ikkje så greitt å treffe rett i halvsøvne! Det var om å gjere å få kyrne på beite tidlegast mogeleg før sola kom for langt opp på himmelen. Då vart flugene og kubrensene meir plagsome og då vart det lite beitt.

Etter at morgonstellet var unnagjort, barst det til gards att med alle tausene. Vi kom oftast heim i garden att i halv åtte-tida. Vi tok gjerne ei kakeskive i handa på heimturen.

Etter tre veker med sætring laut ein til med gjeting. Då kom ikkje kyrne seg heim til stølen om kvelden, og då gjekk gjetinga på omgang. Ei av tausene var att på sætra då, og så fekk ein hjelp av ein gutunge heima garda. Gjetedagar var utrekna etter kor mange kyr ein hadde på sætra. Ei kyr var ein gjetardag. Gjette ein på Kollen vart det for 1 1/2 ku, likeeins i Akselgjerd. Men gjeting i Brunstaddalen talde for 1 ku. Hit var det lett å jage og lett å hente. Var det fint vervar det reine festdagane, men var det regn og ruskever var desse gjetardagane nokre triste dagar. Verst var det viss ein ikkje fekk med seg heim alle kyr om kvelden og måtte ut att på leiting.

Midt på dagen fekk ein ta det med ro på sætra, gjerne med ein middagstid. Ofte tok vi oss ein tur i elva innom sætra for å prøve fiskelukka eller vi hadde med oss bærplukkar og plukka blåbær.

### Støls slått

Ein annan stor dag var når stølstykkja skulle slåast. Tidleg om morgonen kom karane frå garden, gjerne i sju-tida. Somme av karane kom om kvelden og sov då i høygangen. Då kunne dei ta til å slå alt i fem-seks -tida. Dei hadde med øyken som dei sleppte i Trøna. Ofte vakna vi om natta når hesten trava i Trøne. Dei var gjerne øsne av å vere fri og få vere med på sætra. Når sætrejentene var ferdige med mjølkinga, hadde karane alt slegje ein stor teig av stølen. Sola var no komen opp for skaret mellom Kollen og Sætreindane, og karane slo og sveitta, for det gjaldt å slå mest mogeleg før dogga reiste. Karane hadde med seg godt kvesste ljåar, både lang- og stutturvar.

Til middag var som oftast stølsstykket slegje. Kvinnfolka og ungane var no komne frå garden. Så det vart ein heil flokk på stølen desse slåttedagane. Snart var alle i arbeid. Kvinnfolka raka graset fram i frå kantane og breidde det godt utover, så sola nådde i for å tørke.

Så godt det anga av dette nyslegje graset! Og godt anga det av det når treriva lyfte det lett opp frå bakken. Borna hjelte til så godt dei vann med å bere høyet fram i sola, men snart var dei nyfikne etter blåbæra, så dei havna istaden i blåbærtuene oppom Trøna. Godt var no det, for då vart det nylaga blåbærsylte på kakeskivene og det hadde ingen imot.

Over middag var det tid for å snu høyflekkane, då var både små og store i arbeid att. Rivene høvde til størrelsen ta dei som eigde dei. Gofar hadde laga dei, det var vinterarbeidet hans det. Skulle ein tind brotne av, hadde far med seg tindetre, og det stod ikkje lenge på å skifte inn ein ny tind i riva. Tindetre vart og laga til om vintrane. Då laga dei til mange tre i om lag 40-50 cm lengde, batt dei saman med vidje så det kunne vere både 15 og 20 tre i ein bunt. Sidan vart dei hengt på ein luftig plass, for det var om å gjere å ha tørre tretindar å setje i riva. Då raka ho mykje betre og rivene vart lettare å handtere for rakstedeiene.



*Brunstadsætra for om lag 60 år sia, Nærast ser vi Sølmondsselet, vidare Toresselet, ein fjøs og gamle Bøselet. Jenta på steinen er Keidy Hjorthol (Foto; Knut Brunstad, USA)*

Klokka tolv var det middagstid. Då baud sætretausede alle inn i sela på mat. Kvar gjekk inn i selet dei tilhørde. Ofte vart det då servert rjomegraut. Men enkelte hadde med mør og spekekjøtt og så laga matmora til ei stor søppeskål. Det var flatbrød som var brote i småbitar og så slegje skyr (surmjølk) utover. Kvar fekk strø litt sukker på, etter som dei lika smaken. Når alle hadde ete og var gode og mette, skulle det vere stilt og roleg på stølen i 1 ½ - 2 timar. Då skulle karane kvile. Det skjedde i høygangene, og kvinnfolka tok gjerne ein blund i sengene til sætretausede. Vi barna drog oss då i frå stølen og det barst oftast til elvene. Somme prøvde å bade, men uff, det vart for kaldt!

Då var blåbærtuene vennlegare å møte. Gutane hadde nok funne fram rogntrone og prøvde fiskelukka og jammen vart det fisk! Feit, fin fjellørret vart dregje i land, og på den vesle middagspausen hadde dei ofte ei stor hank med kræ med til støls att. Til kvelds vart dei steikte attåt kakeskivene. Etter denne middagspausa barst det til att med rykning av høyet. Det var tid for å snu høyfleckane. No stod sola slik på himmelen at ho nådde godt i for å tørke. Då gjaldt det om i vere mannsterke. Dei samla seg bortover høyfleckene med kvar si rive i handa, letta godt på grasbustene med øvde tak, snudde, og så får radene i motsatt retning. Snart låg graset på bakken, lett og luftig. Så laut våtgraset til pers for no var det turk som sa seks, og sola steikte godt i fri ein skyfri himmel.

Etter denne dysten vart det ein ny pust i bakken. Då sette alle seg i tuene rundt stølslykka, for no skulle graset ligge i ro eit par timar før det skulle oppattslåast. Det også vart gjort med rivene. Då tok alle tre skårar framfor seg og så dytta ein graset utover att. Fanst det enno råflekke i graset, så måtte sola nå i det. I mellomtida vart eit par gutungar sende til sætreelva for å hente ei bytte med krystallklart fjellvatn, og koks til å drikke av vart henta frå selet. Så gjekk vasskoksa rundt til tyrste slåttekarar og elles alle som hadde behov for å drikke seg utørst av kaldt, reint Kollsvatn.

Då graset var oppattslegje om lag i fire -tida om ettermiddagen, vart det atter ei pause. Då såg karane seg rundt på sætra. Kanskje eit le måtte ordnast eller ein gardstubb. Stundom laut eit kvart ordnast med ein lås eller eit kvart på taket. I fem -halv seks-tida vart alle forkava att. Sola stod langt nede på himmelen i nordvest utover Regndalsfjella. Det betydde at det kjølna i lufta, no gjaldt det å få høyet sætt. Det vart eit fole møneføk. To og to laga skårar, resten laga såter. Alle arbeidde lett og kvikt, somme med rive og somme med gaffel. Det var lettare å arbeide når dagen tok til å halle. Ein sval bris for over stølen, om ein time eller to gjekk sola ned.

Kyrne var alt komne til støls att. Dei stod i trøne og dorma, kasta litt på haudet og rompa etter dei plagsame kleggane og flugane. Bjøllene skar gjeme i takt med skukkinga og kleiinga, og den varme og trykkande julidagen var snart omme.

Alt neste dag var høyet tørt, etter at såtene var kasta og det grønne og fine fjellgraset fekk seg nokre timar. Det låg der på bakken og vart sprøre og sprøre i den steikheite sola som skein frå ein skyfri himmel. Såtene var kasta og etterpå gjekk alle med kvar si rive for å jamne høyfleckane. Dekje ein einaste høyfleck skulle kome vekk. Ei stund etter middag tok far ned i høyfleckane her og der for å kjenne etter om det var knaskturt. Så var det å få høyet i hus då. Far kom med eit tjukt, kraftig tog, la det utover bakken med ei stor draglykke og kjemde høyet utover toget på ein viss måte. Di far syntest at det vart ei passande stor bør, tredde han andre enden av toget inn i lykka og drog til så høyet vart samanpressa til ein balge. Han hivde så heile bora opp på ryggen,

med god hjelp av mor. - Hit ned på stølane var det ikkje råd å køyre med øyken, for det var så mykje stein.- Så bant det mot setra og inn på høygangen. Det vart mange slike høybører frå kvart stølstykkje, men jammen kom det vel med dette sætrehøyet når vårknipa sette inn. Heim tok dei høyet om vinteren, helst på hardebre. Ofte var det mykje godt gras på sætra. I sær dersom dei hadde hatt på mykra tidleg om våren. Og det hadde nok alle passa vel på.



*Dette biletet er teke ein av dei siste somrane det vart sætra på Brunstadsætra, truleg i 1947-1948. Ved trappa til Nakkesetlet sit frå venstre: Johanne Skogvold, Jenny Brunstad og Line Gausemel med nokre born.*

## Heimferd

Stølshelg vart det og når det leid ut i sætreferda. Då kom det gjestar i frå bygda, både gardsfolk og bygdefolk som var frå garden og som var gifte andre stader. Elles gutar frå garden og gutar frå bygda som var forlova med ei av sætrejentene eller hadde eit godt auge til ei av dei.

Når desse sætrehelgane var, fekk alle god mat. Det vart oftast servert rjomegraut. Åfårringer var også på menyen. Elles vart all den beste maten framsett, slik som lefse, søst, kringle, hardevafler med ripsbærgele og kaffe sjølvsagt. Før mi tid vart det også laga kysela som kvar gut skulle få som kom på sætra laurdagskvelden. - Det vart og dansa då og såleis kalla dei det for kyseldans.- Kyselane var laga av diammjolk som vart oppvarma til køsten og mysa var skilde. Køsten tok dei så opp av mysa med hendene og forma han til som ein ball, så stor som ein knyttneve. Dei knadde og knadde han til han vart blank og fin og sette den i frå seg på ei hylle i innselet, Desse kyselane vart laga før stølshelga. Gutane fekk kvar sin og då kunne ein finne ut kven som var jenta sin utkåra.

Desse seks-sju vekene på sætra var ei gild tid, fritt og avekslande frå dei grå vanlege dagane på landsbygda. Men travelt var det å stå opp før klokka seks for å fli kyrne på beite før sola kom for langt opp på himmelen og kyrne vart late og mødde i solvarmen. Dersom dei ikkje orka å kome seg inn i dalen, då minka mjølka, for beste graset vart oppete tidleg i sætreferda og vegen etter mat vart lenger og lenger.,

Etter at kyrne var jaga ut, for vi heim til gards. Dit kom vi i halv åtte tida, og då var det berre så vidt at gardsfolket hadde stått opp. Mjølka vart henta kvar dag med hest og hjul slede. Det var kvar sin dag å hente mjølkespanna. Ein hadde køyredagar etter kor mange kyr ein hadde som mjølka. Plassemennene hadde få hentedagar, medan storgardane hadde fleire hentedagar. Opp til sætra hadde karane med seg reine tomspann (meierispann) og heim kom dei med mjølk i spanna. Stundom fulle spann og andre gonger halvfulle spann. Når karane kom til sætra med hesten førespent spannelasset, hørde ein over heile sætra skramlinga av spanna som slo mot kvarandre. Dei kom ofte før klokka seks, før sætretausene var oppe. Når dei kom heim i garden att, i sju -halv åtte tida, hørde ein same skramlinga av spannlasset, når hesten kom ned Brautene. Når spannlasset kom ned i garden, måtte ein kvan frå kvar gard opp med ei mugge og ei ause for å take ifrå mjølk for dagen, for mjølka vart levert ned på meieriet (Øvre Velledalens Meieri) som var nedmed brua på Hjortdals-sida. Ingen hadde råd til å take i frå mykje mjølk, for dette var stort sett einaste inntekta bøndene hadde.



*Nakkebergselet på Brunstadsætra om lag 1940. Kari Bolstad på seltrappa med ei mjølkebytte i armkroken.*

Når sætreferda leid mot slutten tok dalane og beiteplassane til å verte reingnaga og det vart både kaldt og ufyseleg. Det var i slutten av august. Men før det vart heimreis måtte sætretausede kaste skræ, som det heitte. Alle samla seg då på sætrebua, snudde ansiktet heim mot garden, tok skoa si på tåa og kasta ho over skuldra. Vende skoa mot sætra så betydde det at jenta skulle gå på setra neste år også. Vende skoa mot garden betydde det at ho ikkje skulle gå på sætra neste år.

Så kom heimreisdagen. Var kyrne glade for å flytte på sætra, var dei ikkje mindre glade for å flytte ifrå sætra. Når dagen kom at dei skulle sleppe heim, måtte dei ha som ei aning. Med det same dei vart løyste i frå bandet sitt tok dei beinråsa heim etter vegen. Ja, dei småsprang så du knapt kunne følgje dei. Og sætretausede var også glade for å sleppe å stå så tidleg opp. Ofte song dei;

*" Oss hev gjort kva gjerast skulle  
ysta ost og kjerna smør,  
no stend att og kløvja øyken,  
setja lås for sætredør.  
Korkje finst det meire føda,  
Verk` for heide hell for krist  
Glade oss som slepp å bygda,  
meire glad er kua visst.*

# Sætervegen

*Sætervegen, å eg minnast deg  
du låg der så bratt framfor meg  
Opp Brautene eg sveitt meg kava  
støtta godt til rognestava*

*Nygjerleet var så godt eit stengsle  
med kjende tonar frå eit rysta hengsle,  
tre-løka gav ifrå seg eit "klapp",  
og otten for Bø-merra no eg slapp.*

*På Ny gjerdet var det lett å gå  
til pengesteinen eg måtte sjå.  
Ved Bru stykket du halvvegs var,  
ein titt utfor Juva, men ver snar!*

*Ein kvilestein eg ved vegen fann, før  
Rotebua opp eg vann.  
"Kjerringa hass Dal" fekk  
pynt ifrå denne vakre sal.*

*Her gjekk vegen i steinut ur,  
grusen f or ved siste skur.  
Men stundom overflate stein,  
slik minnast eg gamle sætrevei 'n.*

*Over Storfonna lett eg får.  
I Kimane var etter Bjølllekua spor,  
her lukta sæter på langan lei,  
her var enden på min sætrevei.*

Björg Sørensen

## Sykkylven Helselag gjennom 80 år

Sykkylven Helselag feira i fjor sitt 80-årsjubileum. Under jubileums-festen las sekretæren, Bergljot Tandstad, opp eit attersyn som ho sjølv hadde skrive. Dette gjev vi att nedanfor.

Bakgrunnen for at det kom i gang helselag både i Sykkylven og andre bygder tidleg i hundreåret, var tuberkulosen, ein snikande og livstrugande sjukdom som var svært utbreidd på den tida. Helseforebyggjande arbeid har dei seinare åra vore ei offentleg oppgåve, slik var det ikkje i kommunane for 80 år sidan. Kommunane hadde ikkje økonomi til å løne helsearbeidarar eller til å drive anna helseforebyggjande arbeid. Slike tiltak gjennomførte helselaga på eige initiativ, ofte i samarbeid med det offentlege og andre private organisasjonar, foreiningar og bankar.

Et kvart endra helselagsarbeidet karakter. Det offentlege tok over dei fleste av dei oppgåvene som helselaga tidlegare hadde engasjert seg i. Men Sykkylven Helselag har vore tilpassingsdyktig og har ikkje hatt problem med å finne meningsfulle oppgåver å konsentrere seg om. Drifta av sjukebilane i bygda har såleis vore ein krumtapp i laget si drift dei siste ti-åra. I 1985 bygde laget eit eige hus, som sidan har tent både laget sine behov og andre grupper på ein framifrå måte.

### AV BERGLJOT TANDSTAD

Når Sykkylven Helselag i år markerar sitt 80-årsjubileum, si mi ein ta seg tid til eit lite tilbakeblikk over farne år og minnast bide dei som gjorde opptaket og litt om kva dette har betydd for bygda og folket.

80 år er ei lang tid. Mykje har hendt sidan 1912 og mykje har forandra seg til beste for bygdefolket, og eg trur ikkje at eg tar for sterkt i når eg hevdar at helselaget har ein del av æra for dette. Laget har vore med og fått i gang tiltak som har hatt stor betydning for oss alle.

Mange er dei som har lagt ned eit stort arbeid i laget gjennom åra, både som leiarar, styrelemer og aktive i laga rundt om i bygda. Det vil føre for langt her å kome inn på alle som fortener takk for innsatsen. Dette attersynet fortel berre i grove trekk om arbeidet, og det vil vonleg gje eit innblikk i kva laget har stått for desse 80 åra



## Allsidig helsearbeid

Dei fleste vil vite kva som var grunnen til at laget vart skipa. Det var tuberkulosen som herja i heimane over heile bygda, og den store trongen det var for hjelp og opplysning vedkomane denne sjukdomen. Han tok livet av mange, bide unge og gamle, og skapte sorg, makteslause og fortvilning mellom folk.

Det var Sykkylven frilynde ungdomslag som gjorde opptaket, og dei valde ei nemnd til å forfatte lovene. På eit ålmannamøte i ungdomslaget den 17. november 1912 vart lovene samrøystes vedtekne.

At folk slutta opp om laget syner medlemslistene frå denne tida. Folk frå heile bygda melde seg inn og betalte medlemspengar som var kr 0.50 for menn og kr 0.25 for kvinner. Allereie i 1914 var talet på medlemer kome opp i 268.

Namnet Sykkylvens Tuberkuloselag, som laget gjekk under dei første åra, vart i 1927 endra til Sykkylven Helselag, som også er namnet no. Hovudinntektskjelda til laget var årskontigenten, men han var vel ikkje så mykje å drive helselagsarbeid for. Så i 1913 vart det kalla inn til generalforsamling i Bonde stova i Sykkylven Sparebank sine lokale. Der vart formannen pålagt å søkje ungdomslaget, Sparebanken, kommunestyret, Privatbanken og krinssjukekassa om eit årleg tilskot i tre år for ei sjukepleierske. Dersom laget fekk stort nok tilskott skulle ei jente her frå bygda sendast til sjukepleiarutdanning. Marie Otterstrøm hadde sagt seg viljug til å ta slik utdanning. Det ser ut til at pengar ganske snart vart innvilga, for allereie same året vart det på eit møte vedteke å sende Marie til Trondheim for fri utdanning, hus og kost og kr 100 i reisepengar. Etter fullført utdanning kom ho att, og Marie var laget sin første tilsette. Ho stod i første omgang i arbeidet sitt til 1918. Det går elles fram av møtebøkene at laget fylgde normalreglane for sjukepleiersker inntekne i Nasjonalforeningen for Folkehelsen sine forordningar av november 1915.

Bøkene fortel mykje om vilkåra for den tilsette, om innkjøp av diverse utstyr for sjukepleie, forbindinssaker, sjukekorger og anna, om økonomiske problem, om marknader, fester og kyrkjekonsertar for å skaffe pengar til arbeidet. Laget var også med på å støne Haukås Tuberkuloseheim på Ørskog med ein tredjedel av nettoinntekta, "dog ikkje over kr 50,- for året," som det står i referatet. Mykje av kjeldene frå den første tida, ja seinare og, fortel om vanskane med å skaffe og lønne sjukepleiarar, som det var stor trongd om. Det ser ut til at det ikkje var så enkelt å få tak i utdanna sjukepleiersker, heller ikkje om laget lova fri utdanning. I 1920 vart det f.eks. avertert i fleire aviser, og sokneprest Wulfsberg lyste frå preikestolen i sykkylvskyrkja, men utan resultat. Laget skreiv endåtil til Nasjonalforeningen for Folkehelsen for kanhende å få hjelp frå dei. Dei fekk til svar frå Dr. Øverland at der var det 100 ledige stillingar, men ingen søkar, så laget måtte stille seg på venteliste. Likevel greidde Sykkylven Helselag å skaffe gode sjukepleiarar gjennom åra,

og mange er dei som bar gjort ein uvurderleg innsats mellom bygdefolket, både fullt utdanna sjukepleiarar og pleiemedhjelparar. I 1946 hadde laget tre pleiarar tilsette, og det var meir enn nok å gjere for dei alle. Vi forstår godt leiaren, når ho i ein kritisk periode for laget skriv i årsmeldinga: "Det er å vone at bygda vert spart for noko serleg smittsame sjukdomar, for det er i slike høve vi kan verte heilt opprødd med lite hjelp."

I åra etter starten vart det skipa krinslag med det mål for auget og fremje folkehelsa og gje økonomisk støtte til Sykkylven Helselag. Den 9.10.1927 les vi dette i referatboka: "Dei ymse arbeidande laga i bygda skipar seg saman og utgjer Sykkylven Helselag, med det føremål å løne ei sjukepleierske for bygda. Halvparten av løna vert å yte av krinsane Vik, Aure og Aurdal. Den andre halvparten av Velledalen, Straumgjerde, Riksheim, Søre stranda og Blakstad." Åra gjekk i jamnt arbeid. Tuberkulosen var ikkje lenger det store helseproblemet som han før var, og oppgåvene for helslaget endra karakter.

Den 5. mai 1937 fekk helslaget ein førespunad om å ta på seg kostnaden med lækjargransking av skuleborna. Dette vart einstemmig vedteke av styret. Allereie same haust skriv leiaren i årsmeldinga at laget har hatt skuleborns-undersøking i alle krinsar og at det er kjøpt inn vekt, så barna kan vegast på ein skikkeleg måte. Leiaren legg til at helsa til borna stort sett synest å vere bra.

### Eiga sjukestove i Sykkylven

Så kom krigstida og med ho rasjonering og andre problem. Helslaget stod klar til å hjelpe. Mellom anna vart det innkjøpt 50 kilo tran til utdeling mellom skuleborna. Lærarane vart pålagde å dele ut til borna dei dagane dei var på skulen. Vi kan tenkje oss at dette ikkje var til udelte glede for borna, for seinare les vi at dei hadde gått over til tranperler då dette vart tilgjengeleg. I 1944 var det difterien som kravde mykje arbeid av sjukepleiarane. 1100 vart vaksinerte, utgiftene med dette bar helslaget og kommunen saman. Same året utførte laget ein del arbeid for Røde Kors. Det måtte mellom anna vere med å plassere ut 70 bergensborn som kom hit til bygda. Helslaget var ansvarleg for at borna kom til gode heimar og fekk den pass og det stell som trongst. Årsmeldinga fortel at desse borna vart tekne i mot på ein rosverdig måte og at dei fekk det heimleg og godt. likeeins var helslaget med på fordeling av svenskepakkar med mat til dei evakuerte frå Finnmark som var her i bygda. Etter ein del ordsifte på årsmøtet i 1945, vart det gjort vedtak om å velje ei nemnd som skulle "tiltre fattigstyret" når saka om bygging av ny gamleheim vart avgjort, slik at laget kunne få i gang ei sjukestove for bygda. Det skulle gå mange år før dette vart realisert, men det kom omsider i gong, då også med fødestove. Dette var til stor gagn for bygdefolket, og i fleire år fungerte sjukestova svært bra.

## Nye behov, nye oppgåver

I åra etter at krigen var slutt skjedde det mykje på helsefronten. Fastbuande lækjar hadde bygda hatt ei tid. No vart det tilsett helsesøster, tuberkulin-matrikkelen vart innført og i 1950-åra fekk laget ansvar for spedbarnskont roll i tillegg til dei andre oppåver laget hadde, I 1951 fekk Sykkylven Helselag sin første sjukebil, som gåve frå Sykkylven Handelsstands forening, den første av ein rad gode bilar som har stått til teneste for bygdefolket. Sjukebildrifta har sidan vore ein viktig del av laget sitt arbeid. Den økonomiske delen av sjukebildrifta har stort sett gått bra. Berre ein kort periode gjekk drifta med underskot, så laget såg seg nøydd til å søkje kommunen om hjelp til å dekke underskotet. Dette var i 1979. Sidan fekk ein forhøya takstane og resultatet vart betre. Laget har ikkje berre hatt mange gode bilar, men også mange dyktige sjåførar og helgeavløysarar som laget har sendt på kurs for at dei skulle kunne dyktiggjere seg til sitt viktige og krevande arbeid. Laget har elles sørga for at bilane hadde det beste og mest moderne utstyr slik at dei var i stand til å stå til teneste når det var bruk for dei, natt som dag.

Den første tida hadde ikkje laget eiga garasje til bilane eller lagerplass for utstyret som måtte til. Det vart gjennom lang tid tinga med kommunen om å få stilt til rådvelde ei sentral tomt til garasje for bilane. I mai 1983 fekk laget endeleg løyve på tomt i Haugbukta og planlegginga kunne ta til. Byggenemnd vart valt og ein kunne søkje om byggelån.

Dei første planane om ein garasje på 12 kvadratmeter vart undervegs endra til eit større bygg. Det enda opp med eit lokale på 360 kvadratmeter fordelt på to etasjar, med romslege garasjar, lagerplass og vaktrom for sjåførane i første etasje, og møte- og selskapslokale i andre etasje. Då huset i 1985 stod ferdig, vart det den 7. november arrangert ein skikkeleg innviingsfest med innbedne gjester, byggenemnd og bygningsfolk, representantar for kommune og helsevesen. Sidan har huset vore flittig brukt som møtelokale for helselaget og vore uti eigd til organisasjonar og private til festar og selskap. Det er rekna for å vere eit triveleg og godt lokale med alt som trengst av møblar og utstyr. Det er eit hus som laget er stolt av, og som på årsmøtet i 1988 vart erklært skuldfritt.

Etter at stat og kommune i sekstiåra tok over mange av dei oppgåvene som helselaget hadde hatt, slik som sjukepleie, vaksining, skulebarnundersøking, spedbarnskontroll m.m. kunne laget ofre seg for andre oppgåver, særleg hjartesaka eldreomsorg. Det gjaldt fotpleie, trim og hårpleie for bebuarar på institusjon, gåver til heimesjukepleien og til helsestasjonen. Elles økonomisk støtte til Haugstadhuset (Longvahuset) slik at det kunne verte eit bukollektiv for eldre som til ein viss grad kunne greie seg sjølv. Laget har også stått for utleige av babystolar for sikring av barn i bil, turar for eldre både på og utanom institusjon.



*Dei seinare åra har drifta av sjukebilane vore ein av dei viktigaste oppgåvene for Sykkylven Helselag. Her er leiar for foreininga Jenny Klakk (tv.) og sekretær og artikkelforfattar Bergljot Tandstad. (Foto: Ole Jostein Fet, Sykkylvsbladet)*

## Krinslaga

I den første tid etter starten kom medlemmane i Sykkylven Helselag frå heile bygda. Det vart sendt oppmoding til alle ungdomslaga i bygda om å vere med og teikne medlemmer. Seinare vart det skipa helselag i alle krinsar, og styret i helselaget er samansett av dei som til ei kvar tid er leiar av krinslaga. I tillegg er det to medlemmer frå Sykkylven frilynde ungdomslag og eit medlem frå lækjartenesta i bygda. Det er styremøte i hovudlaget fem-seks gonger årleg. Hundeidvik Krinselselag vart skipa først i 1950-åra.

I Tusvik krins kom det lag omtrent samstundes. Dette laget vart nedlagt nokre år, men starta oppatt i midten av 1980-åra.

I Velledalen var det to krinslag frå først av, men i 1975 vart Øvre Velledalen krinslag lagt ned, så det er no Nedre Velledalen krinslag som er i verksemd.

Vik Helselag hadde sitt første møte i 1976.

Ramstaddal Helselag kom i gang i 1955 og same året vart Søvikdal Helselag skipa.

Helselagets kvinnelag på Aure kom i gang i 1933.

Erstad og Riksheim krinslag vart skipa i 1946.

Lia Helselag er ny starta i 1988 for krinsane Grebstadlia og området der omkring.

Straumgjerde jente- og helselag kom i gang allereie i 1921, då som eit lag som

arbeidde eitt år for krinsen, eitt år for helselaget og eitt år for sjømannsmisjonen. Seinare har laget gått over til i bli ei helselagsforeining. Dei driftige medlemene i Straumgjerde kunne i 1950 opne dørene til det første folkebadet i bygda i eige hus. Huset vart oppsett med kommunalt lin og stor dugnadsinnsats av medlemer og folk i grenda. I januar 1956 vart det opna kurbad og fysikalsk institutt i bygget. Dette var ein god ting for bygda og mange fekk behandling der. Av forskjellige grunnar måtte laget avvike dette arbeidet i 1971, og huset vart selt.

Både i Hundeidvik, Straumgjerde, Vik og Aure krinsar er det kome i gang yngresavdelingar. Desse har sine egne møte, men samarbeider med dei vaksne sine krinslag når det gjeld basarar og arbeidet elles. Felles for alle krinslaga er, og har vore, den årlege basaren som har skaffa viktige inntekter til laget. Her skjer sal av lotterilodd, maiblomster og andre ting.



*Første styremøte i Helselagshuset som vart innvigd i 1985. Rundt bordet sit frå venstre: Petra Barmen, Magda Myhre, Nanny Aurdal, Anny Rokstad, Judith Fylling, Margit Fet, Ola Tynes, Karl Ramstad og to frå sykkyllsrussen som overrekte gåve, Hans Olav Hole og Olav Lyngstad. Vidare rundt bordet: Bergljot Tandstad. Liv Ulstein, Borghild Midt-lid, Malmfrid Sandvik, Jenny Klock og Sigrun Hole. (Foto: Sykkylvsbladet)*

#### God rekruttering

Når det gjeld medlemstalet i helselaget, så har det variert ein del gjennom åra. I 1942 var det 700 medlemer, i 1945 var det 1000, i 1946 1700 og i 1991 var det 705 medlemer.

Gjennom alle desse år skin det gjennom i referata korleis folket har samla seg om helselagsarbeidet. Bygda sine beste krefter har vore med og ytt sitt med sang og musikk, foredrag og opplesing når laget har hatt sine tilstellingar, og folk møtte fram. Prest og doktor som den første tida budde på Ørskog, kom likevel hit til bygda og var med og spreidde folkeopplysning. Basarane har vore årvisse i alle krinsar.

Når det gjeld gode krefter som var med og skape fest over samværa og som medverka til at helselaget også markerte seg på den kulturelle sida, så har eg lyst til å sitere eit referat frå ein helselagsbasar i Straumgjerde i 1938. Det var prolog av Karl Emdal, musikk av Karl Eidem og Trygve Straume, tale av prost Rude, song av blandakoret og mannskoret, matykt, opplesning av lærar Blindheim, framsyning av eit tablå og tombola. Søndag to veker seinare heldt basaren fram med mest like svært program. Då var det og prolog og tale av ordførar Ola Tandstad, Det var matservering i kjellarsalen, lykkehjul og utlodning av gevinstante. Det skal godt gjerast å få til så mykje godt program på ein basar i våre dagar no når alt skal gå så fort. Men det fortel litt om kor samlande laget var og korleis folk kvar på sin måte var med.

Då stat og kommune tok over mykje av det arbeidet laget har hatt som hovudoppgåver, fekk vi nok høyre at det heretter ikkje var bruk for friviljuge organisasjonar som helselaget. Det offentlege skulle ta over alt ansvar. I dag er ikkje sjukdom ei privatsak, det er ei samfunnssalt, vart det sagt av dei styrande. Men ettertida har vist at det så visst er bruk for friviljugt arbeid i vår tid og. Helselaget har funne nye vegar i arbeidet og vil i samarbeid med det offentlege framleis arbeide for helse og trivsel mellom bygdefolket. Dette ser det ut til at det er semje om, for rundt om i krinsane har yngre, gode krefter gått inn i arbeidet. Så rekrutteringa for laget ser ut til å vere sikra.

**Følgjande har vore leiarar gjennom laget sine 80 år;**

Carl Tandstad, Henrik Straumsheim, Anna W. Grebstad, Jenny Grebstad, Trygve Hamnes, Lovise Blindheim, Guri Vik Velle, Marie Åse, Signe Fet, Emma Aure, Kirsti Gjerde, Borgny Vik, Julie Finvik, Petter Weiberg-Aurdal, Karl Ramstad, Inger Ludviksen og Jenny Klock. Mange av desse har vore leiarar i fleire periodar.

# Bestefarssoger frå Fet

Peter Petersen Fet har skrive ned mange minne frå eit langt liv. Nokre av desse minna er samla i eit hefte som har fått tittelen "Bestefarssoger." Sogene er først og fremst tenkt nytta av dei næraste slektningane til Peter. Han ville at desse historiene skulle knyte dei forskjellige generasjonane saman, og at dei unge kunne nytte noko av livsrøynslene som dei gamle hadde fått i sine liv. Peter Fet går inn i ein god forteljartradisjon på Fet. Han fortel sjølv om saga på garden der gamlekarane samlast og fortalde om opplevingar dei hugsar frå ungdomen. Peter kallar denne tida forteljartida. No er vi så tidlause at vi ikkje har høve til å setje oss ned å lytte på det dei gamle har å fortelje. Kanskje skal vi likevel ta oss tid til å høyre på det Peter har på hjartet. Desse bestefarssogene kunne mange besteferde i Sykkylven ha fortalt.

AV PETER P. FET

## Handletur til Straumgjerde

Eg hugsar at eg fekk vere med til handelsmannen då eg var fem-seks år. Det var langt å gå til handelsmannen den gongen. Det var i Straumgjerde den næraste heldt til, og det var Pe-Ole og Berte som dreiv der då. Ho Berte kalla dei Buda-Berte. Ho var så flink til å prate med folk, og så var ho ikkje treiske. Ho brukte bestandig å gje ein grann attpå kjøpet. Når det var smågutar med, fekk dei alltid ein liten pose med myntedrops eller noko anna godteri.

Det var ikkje så store ting som vart handla den tida. Mor hadde ei korg som ho bar i handkrokjen. På buda handla ho småtteri som ho trong til dagleg, som krydder, rosiner og salt. Det var ikkje så mykje ho fekk med seg i den vesle korga, og så var det ein lang veg å bere.

Eg synest dette var ein morosam tur, men det var ikkje mykje eg fekk kjøpe til meg sjølv.

Det var ikkje ein bil eller sykkel etter vegane den tida, men det var mange som gjekk. Og når ein fekk følgje vart det så mykje lettare å gå. Då vart det prata om alle ting, SA på denne måten fekk ein frette nytt.

Det var faste kvileplassar etter vegen. Borte på Jærhaugen var ein stor vid stein som var god å sitje på. Så gjekk vi til neste kvilestad og det var på Lillebrygga. Neste kvilestein var på ein bakke på Grøtgarden i Straumsstranda. Medan ein

kvilde seg på desse plassane var det alltid nokon som kom og gjekk, og når vi var komne ned i Straumgjerde var vi ofte ein stor flokk.

Når nokon skulle til Straumgjerde den tida, sa dei at dei skulle ned til Bergane.

Det var meir berg der den tida, no er dei borte.

Mor var trøytt når ho kom heim etter ein slik tur, men eg var like kvild syntest

eg og masa på mor om når ho skulle til Straumgjerde neste gong.

### Min fyrste bytur

Eg var vel sju år då han Ole-farbror lovde Laurits og meg at me skulle få fylgje han til Ålesund. Farbror var skomakar og han måtte til Ålesund ein gong i året og kjøpe led, pinnar, skosaum og elles alt det som han trong til skoarbeid.

Endeleg kom dagen då han skulle til byen. Ja, det var spennande for oss smågutane som ikkje hadde sett ein by før. Me måtte stå opp tidleg om morgonen og det var bek myrkt. Me brukte båt i vatnet ned til Straumgjerde, for han farbror kunne ikkje gå så langt. Han hadde mist ein fot og måtte bruke ei long tre krykkje som gjekk like opp under anna.

Me kom oss ombord i båten som gjekk frå Straumgjerdekaia, og det vart ei interessant reise. Båten stoppa mange plassar, først Erstad, så Ikornnes og sist Aure. Me stod på dekk heile tida, for me ville sjå det som gjekk føre seg. Ole-farbror var fole redd for oss, han var redd me kanta på sjøen. "De må berre passe døkke guta, ein kan so lett kante og fare på sjøen," sa han. Til sist så me ein masse hus i ei klyngje. "Ja, der ser me byen, gutar," ropa han Ole. Båten la til ei kai som dei kalla Buholmkaia.

Så gjekk me opp i byen og leita opp den butikken der han farbror skulle handle og få tak i alt som han trong til skomakararbeidet. Då han hadde handla frå seg, sa han; "No skal me gå ut i byen og sjå oss om." Der var mykje å sjå for oss som ikkje hadde vore der før, og me var svært heldige. For nett då hadde det kome eit sirkus til byen. Der kan du tru det var mykje å sjå. Ole tok oss med inn og synte oss alle ting dei hadde med seg. Det var eit dyre sirkus, så der var alle sortar dyr; bjørn, ulv, gaupe, kamelar, elefantar og andre sortar, som ormar. Men dei var stygge å sjå på.

Me fekk oppleve mykje denne dagen og etter kvart tok me til å bli trøytte. "No guta, lyt øss vel take å kome øss ombord i båten, for det er ikkje så lenge før han skal gå frå byen," sa farbror. Men før me reiste var me inn på ein butikk til, der kjøpte han farbror meg ei skuleprins som eg skulle ha bøkene og maten i når eg begynde på skulen. Eg var forferdeleg redd for denne prinsa for ho var så fin. Loket på ho var av selskinn og ho var så fin til å bere på ryggen. Eg brukte denne prinsa så lenge eg gjekk på folkeskulen på Dravlaus.

Då me kom heim hadde me mykje å fortelje om denne fyrste byturen vår. Ole farbror var også elles svært snill med oss smågutane. Når me trong å bøte skorne var det berre å syne han dei, så bøtte han dei med ein gong.





*Ole Solvik rydde seg eit stykke i Straumgjerde, der han budde til han døydde i 1951,*

Han kjøpte seg eit jordstykke på Tandstad i 1914 og dette gav han namnet Solvik. Etter den tid kalla me han Solviken, og det likte han. Han bygde seg stove og løde der ute, og det vart ein eineståande fin heim. Det var eit ubrote stykke, men Solviken braut det opp, så han hadde tre kyr. Me var mykje der ute den tida han braut jord og bygde hus. Alle var flinke til å hjelpe han; grannane og slekta oppe i Velledalen. Det vart ein god plass å stanse og kvile føtene når ein var ute og gjekk. Vi var velkomne der. Han stod ofte på trappa og ropte: "Må stanse kara, og slå av ein prat". Solviken døydde nokså brått nyårskvelden 1951.

### Min første skuledag

Eg minnest godt den første skuledagen. Karl Tandstad var småskulelærer då. Jo-Ivar og eg var jamngamle og skulle begynde på skulen same tida. Men Ivar begynde ein dag før meg og eg var svært spent på korleis han likte seg. Eg spurde om han Tandstad fortalde eventyr og det hadde han gjort. Neste dag var me i lag på skulen. Eg hadde med meg mat og ei ABC-bok. Det hadde eg ned i skule veska som eg bar på ryggen. Eg var svært kry av denne veska, for det var ingen andre som hadde ei slik fin skuleveske då.


Ja, me kom på skulen og han Tandstad tok i mot oss. Han lyfte på meg og sa; "Det e fole kor tunge døkke e døkke Fetkarane!"

Den første skuledagen gjekk fort og det var svert interessant. Tandstad fortalde eit eventyr, eg trur det var om Smørbukkk. Me vart snart kjende med dei andre skuleungane frå Dravlaus og Velle. I friminutta og middagstida var me alle ute på skuleplassen og leika oss. Det hende nok at me vart uklare og rauk i hop og

slåst. Eg hugsar ein gong Åmund- Severin og eg vart rasande uklare og så barst det til og slåst. Dette var i middagstida og han Tandstad var i Barbrogarden og åt middag. Eg trur det var eg som rauk på Severin, han var ein god grann eldre enn meg og han var så svær til å terge. Han kalla meg Fitja-Knakk og det tolde ikkje eg. Begge var handfaste og ingen av oss greidde å leggje den andre i marka. I staden braut og klora vi på liv og død, blodet rann av oss begge.

Då Tandstad kom og ropte oss inn igjen, såg han at det var noko som hadde gått føre seg. Han fann snart ut kven som hadde slåst. Han såg hardt på oss og me var forferdeleg redde. Då sa han: "Kom her fram på golvet, guta!" Og me gjekk fram og stilte oss side om side ved kateteret. Tandstad byrja å stille spørsmål omkring det som hadde hendt og han fekk etter kvart trekt ut av oss alt som hadde gått føre seg. Til sist sa han at dersom me lovde å vere snille og ikkje gjere dette meir, så ville han ikkje gjere oss noko. Men til slutt måtte me stå der framme på golvet og klappe kvarandre.

Og lovnaden har me helde heile vår tid. Me har vore verdens beste venner, både heime og borte.



*Peter P. Fet var i Amerika frå 1923 - 1929. Då han kom attende hadde dei byrja å reise ny løe på Nilsqarden. Peter var ein røynd bygningsmann, og første arbeidet hans heime var å fullføre bygginga.*


### Då mor fekk lungebetennelse

Det var om hausten og det var surt og kaldt, og nesten alle var forkjøla. Mor vart også forkjølt og ho var uvel lenge. Så var det ein dag ho vart svært sjuk og dei var sikre på at det var lungebetennelse ho hadde fått Dei visste ikkje korleis dei skulle få tak i doktor i ein fart, for doktoren budde på Ørskog den tida. Då kom

far og sa til meg; "Eg trur du Peter må gå fram til Hole og spørje han Ola-Karl om han vil sykle inn til Ørskog og få medisin med doktera, for me er sikker på det er longebetennelse." Det var han Holst som var doktor og han var vidspurd for å vere flink med denne sjukdomen.

Ja, eg var ikkje sein, og eg sprang av stad som han far ba meg. Det stod ikkje lenge å kome seg fram til Hole. Det var ikkje mange som hadde sykkel den tida, men Karl hadde sykkel. Eg fortalde kva eg gjekk etter og korleis det stod til med mor. Karl var heller ikkje tungbeden. Han heiv seg på sykkelen og reiste av stad. Eg trur ikkje han bytte om klede ein gong. Han måtte sykle til Søvik og få seg båt over til Ørskog. Trur ikkje nokon hadde brukt kortare tid til Ørskog og tilbake.

Karl kom med medisin og det var rette sorten også, så mor tok til å skapast nokså fort.



*Høyvinne på Fet, om lag 1918. Peter P. Fet ved høyvogna og Berte Fet (gift Brudevoll) trækker høylasset. Hesten er den kjende 1. premiehingsten "Haakon" som vart fora av Peter Severin Fet*

Denne dagen vart eg verande framme i Olagarda lenge. Eg måtte fylgje inn i stova og få meg mat. Dei var så svære med meg.

Mor vart liggande nokså lenge den gongen. Eg måtte no hjelpe til med forskjellig. Bere ved og fyre i omnen så det skulle bli varmt i den store stova. Men det var noko mor tykte var rart. "Han Peter sette seg bestanding attanfor vevstolen når han kjem inn." Den store vevstolen stod der då. Ja, det er berre eg som veit kva eg sat der for. Eg sat der og gret fordi eg tykte det var så låkt at mor skulle vere så klen.

Mor vart heilt frisk og levde i mange år etter dette. Ho døydde Kristi Himmelfartsdag i 1938 og vart 64 år gammal.

## Då eg skaut etter bakstekjerringane

Det var om hausten 1910. Me var ferdige med alt utearbeid. Me hadde tekje opp potetene, skøre kornåkrane, fått inn kornet og truska. Me hadde også turka og male det. Då dette var gjort, var det til å bake brød og lefse.

Mor hadde tinga på henne Åragjer-Johanne, plassekona her på Fet. Ho var svær til å bake og var mykje vekk på slikt arbeid. Så var det ho gommor og gamlekona her på garden. Desse to sat ved eit langbord i lag. Mor hadde eit lite bord som dei kalla baksteskiye, der laga ho emne til desse to kjerringane, og så steikte ho brødleivene etter kvart som dei vart ferdige. Det var ein kunst til å steike brød og lefse. Dei måtte vere så akkurat passe brende, så dei skulle verte både fine og gode. Eg skulle vere der å gå ærend for dei, som å bere inn ved og mangt anna som trongst.

Eg var bra lydig den tida og snerten å springe når det var eitkvart dei trong. Dei kom seg svært bra i gang. Det var ikkje lenge mellom kvar brødleiv dei la til brød stabelen.

Det var ute i døme som me kalla det, romet der dei heldt til å bake. Det gjekk tvert over heile stova v år. Det var ei dør nedover og ei dør oppover. I kråa oppover var der mura ei stor grue av gråstein. I den grua stod bakstehella som dei steikte brød og løfse på. Eg måtte vere i nærmona, så dei hadde ved til ei kvar tid. Det var ikkje lenge mellom kvar gong dei ropte på meg. I ledige stunder var eg utfor døra og arbeidde på ein trehjulsyssel, Det var ein syssel med to små hjul bak og eit stort hjul framme. Så mangla det meg eit røyr som eg skulle ha framme og styre med. Eg studerte lenge på kvar eg skulle finne det. Endeleg kom eg på at han gamle goffar (gamle Lars- Peter) hadde eit bjønnagilder (bjømfelle) som låg under stabburet vårt. Der var to korte børsepiper og ei av desse tenkte eg å bruke til styre. Eg var avstad å henta ei av dei, men så vilde eg at røret skulle vere noko benda så det såg ut som eit styre. Eg prøvde på alle måter å benda det, men eg greidde det ikkje. Då kom det så meint føre meg at eg skulle ta det å leggje det under bakstehella og glø det ein grann. Då vart det lettare å benda, tenkte eg. Så tok eg byrsepipa og la ho under bakstehella. Ho låg der eit minutt og då skal du ha takk! Det vart eit smell som det skulle ha vore eit kanonskot. Bakstehella fauk høgt til vers, kjerringane vart heilt vitskremde og ropte og skreik; "Å herregud-herregud!! Trykket frå byrsepipa trefte mjøldungane som låg på bordet og bles det rundt i rommet så me ikkje såg kvarandre. Gommor og Åragjer-Johanne la på sprang ut nedstedøra og mor og eg sprang ut øvstedøra. Du store tid kor ho Johanne haukte då ho kom innatt og såg tilstanden på bakstebordet!

Men kjerringane var ikkje skvetne. Dei rigga seg til å bake på nytt, og det gjekk ikkje lang tid før dei var i full gang att.

Krutet hadde ligge i denne gildrepipa i årevis frå den tid gamlegoffar og han Jørn-Ole Fet la ut gilder for å skyte bjørn

## Kvart år ein smågris

Det var mange i bygda som hadde grisepurker i dei dager. Men du måtte vere ute i god tid om du ville ha ein smågris. Eg hugsar så godt ein gong me skulle få ein smågris. Det var om vinteren og kaldt, og då brukte dei å ta grisen inn i stova dei første dagane så han ikkje skulle verte kald. Smågrisar var svært utolige for kulde når dei var små. Dei var snare til å få det vi kalla krokna i føtene. Far tok ei tønne å sette inn på stovegolvet i den store stova vår. Der skulle grisen vere dei første dagane til han lærde å drikke mjølk.

Ein dag for far avstad for å hente grisen. Han hadde ein sekk med ein grann høy i så det ikkje skulle verte for kaldt for han. Eg trur han henta smågrisen på Velle. Me smågutane var svært nysgjerrige og stunda etter at far skulle kome med grisen.

Endeleg kom han og han sette sekken på golvet, tok grisen ut og lyfte han opp i tønna. Men då var det forferdeleg kor grisen rein! Det gjekk ikkje lenge før grisungen lærde å drikke mjølk av ein kopp. Me smågutane var svært nysgjerrige og letta ofte på loket av tønna og då bykste grisen opp og rein så det berre ljoa ti'. Det var nokre trivelege dagar så lenge grisen kunne vere inne i stova med oss. For grisen ut av tønna, sprang han rundt heile stova og smatt under sengane så det vart vanskeleg å få tak i han.

Det bende ofte at ein gris vart sjuk. Me hadde ein som var ganske stor og som fekk krokna og som ikkje ville reise seg. Me brukte alle dei råd som tenkjast kunne, men alt var fånytt. Då tenkte far at han skulle renne i han ein dram brennevin. Ja, han så gjorde. Då bykste grisen rett opp i lufta og datt stein daud nedatt.



*Slåttonn på Fet i 1915. Hesten "Bruna" dreg høyvendaren og eit føl følger bak. Frå venstre: mor til Peter, Karoline, Peter. Signe og Peter Severin Fet. Til høgre: Berte Fet.*

Vi hadde endå ein gris som fekk krokna, men den var større og så var det om sommaren. Han fekk gå ute kvar dag å ete gras og alt som var etande. Grisen for rundt heile Fetgarden. Så var det ein dag han var komen like til Pålhusa. Der hadde han skubba opp kjellardøra i Hans-Peter-garden og fare inn i

kjellaren. Der hadde han forsynt seg av mange slag. Olave hadde kakeskrinet sitt i kjellaren, og på ein eller annan måte hadde han fått opp loket og der vart eit godt måltid, for grisen åt opp alle kakene hennar Pål-Olave. Alle folk var ute i Gjæra og slo, så grisen fekk gå rundt i garden som han ville. Etter dette måtte grisen inn i fjøsen og vere i eit stekke som andre grisar.

### Då Tusviksaga tok vegen til Fet

Han Tusvik- Lars hadde ei stor sag som han brukte til å sage bord og plankar med. Han var handelsmann og kunne ikkje få tid til å sage så mykje. Difor ville han selje saga og alt som høyrde til.

På Jørn- og Nils-garden her på Fet hadde vi ein elektrisk motor i lag, og så kom me på at me skulle kjøpe ei slik sag. Så vart det til at Ole Johan og eg skulle reise og sjå på saga. Me reiste tidleg ein morgon og fekk låne båten til Ole Solvik i Straumgjerde. Me rodde ut i Tusvika og studerte vel saga. Men så var det prisen då? Ja, me akkederte om prisen, og det vart slik at me vart einige. Og så var det spørsmålet om korleis vi skulle få saga til Fet, Me bestemte oss då for at me skulle få ho på sjøen, for det var berre eit kort stykke ned til sjøkanten. Me fekk saman mange mann der ute frå Tusvika og me greidde å få saga på sjøen. Men ho flaut tungt så me skjøna at det ville vere vanskeleg å slepe ho med ein robåt. Då kom me på at han Einekag-Knut (Tusvik) hadde ein liten motorbåt og me gjekk og spurde han om han ville slepe oss inn til Straumgjerdekaia. Jau, han Knut var viljug til det, så han kom med motorbåten og batt saga og båten vår på slep.

Saga var svært tung å slepe så det gjekk nokså seint. Me for midt i fjora, og det såg kanskje noko rart ut. Somme trudde det var ein kval me drog etter oss. Men sidan frette dei at det var Tusvik-saga som for inn gjennom sykkylvsfjæra på veg til industriområdet Fet!

Ja, me kom til slutt inn til Straumgjerde-kaia, og då det vart flo sjø, drog me saga så langt fram me kunne og batt ho til neste dag. Neste dag rigga me til køyregreier med fire hjul for å få saga fram til Fet. Det gjekk no bra å få ho på land og lesse ho på hjula, men det vart eit svært tungt lass å drage, for saga med benk var tolv meter.

Endeleg kom me til Fet og opp i garden. Saga skulle monterast oppe i skylet i eine enden av løa vår. Det vart eit underleg styr og få ho til å stå skikkeleg. Til slutt tykte me ho stod bra, og motor og alt anna meinte me var i orden. Det var stor spaning den dagen me skulle løyse og prøvekøyre saga. Me hadde ein dunge med bjørkastokkar som me skulle prøve på. Det var forferdeleg kor saga hylte og gjekk med det same me sette straum på. Peter Sevrin skulle prøve første stokken. Den gjekk det fint med. Det gjekk også greitt med Ole Johan då han skulle prøve. Og då sa han: "Ja, no Peter Sevrin skal det ikkje verte vanskeleg om material til saudegrindar og kubåsar." Før måtte me bruke øksa og få til ei flate på ein stokkende.



*Peter P. Fet dreiv i fleire år trevarefabrikk på Fet. Her hentar dei grindar som truleg skal til ein av møbelfabrikkane i bygda.*

Det fretttest snart at det var komen ei sag til Fet, og dei kom med strangar frå alle kantar for å få saga til bord eller plankar. Ole Johan og Peter Sevrin stod der kvar sin dag og saga, så det vart ofte travelt for dei. Men dei likte svært godt å prate med folk som kom med stokkar. Ofte kom der mange på same tid med material, og då vart det storliv oppe med sagbenken.

Tida gjekk og mykje endra sag. Folk ville ha det fint og reint rundt husveggane sine og få til fine grasplenar. Alle rydda rundt husa sine og køyrde vekk alt rusk. Det som var strengar og kunne sagast til noko, det køyrde dei ned til oss. Det vart så mykje stronger nede med oss, at me knapt kunne kome inn i fjøset. Dette gjekk mest utover kvinnfolka som likte å ha det fint og pynteleg rundt husveggane. Det vart til at me sa frå oss meir og meir av denne saginga. Saga tok også til å rotne og ho vart etter kvart dårleg til å sage på. Så kom det andre småsager til og dei saga ein del betre enn det me kunne gjere.

Så kom den dagen då me måtte rive ut den gamle Tusviksaga. Men det var ei god tid den tida ho var oppe i skylet vårt. Det var den gode forteljartida då gamle karane kom saman og fortalde om sine opplevingar frå sine ungdomsdagar. Om me berre hadde sans for å lya etter, hadde det vore til stor gagn for oss sjølve.

**Då han Samond-Jens kjøpte seg ny hest**

Han Samond-Jens hadde vore av stad og kjøpt seg ein hest. Det var ein svær best, kraftig og stor. Men då han skulle til å bruke hesten, syntet det seg at han ikkje

ville gå attover. Han visste ikkje si arme råd med hesten. Men så kom det fyre Jens, at han skulle ta seg ein tur bort til han Peter Severin, for han var kjent som ein redig hestekar. Ja, Jens kom no bort til han Peter Severin og fortalde si naud: "No forstend eg ikkje kor eg skal gjere det!" Peter Severin lo godt og sa; "Nei, der er ikkje noko medisn å få for slikt, men gå bort att etter hesten din du Jens, så skal eg sjå kva eg kan gjere. Du kan sette han føre ei skeissekiste og kome." Ja, Jensen var ikkje sein om å gjere som han Peter Severin sa.

Då Jens kom med hesten, tok Peter Severin over kommandoen, og sa; Less full skeisså med stein! Jens: - Med stein? Peter: - Ja, med stein seier eg. Jens: - Er det nok no?

Peter: Ja. Og no kan du køyre oppover løtropa vår. (Ho var bratt) Jens: -

Køyre oppover? Det er så tungt! Peter: - Køyr høgare opp gut! (Han var nokså streng) Jens: - No greier han ikkje meir!

Peter: Lat han stå der! (Hesten stod lenge slik, men til slutt steig han eit steg bakover og så eitt til.

Jens: Piska de' gut! Der steig han eit steg bakover! (Slik heldt hesten på til han var komen ned på flat veg) Peter: - Køyr hesten oppatt ein gong til og endå ein gong.

Då såg det ut til at hesten kunne sine ting. Jens vart storglad og takka Peter Severin for arbeidet. Hesten vart den beste som Jens hadde brukt.

#### Skurden

Når slåtten var ferdig, var åkrane gule og kornet moge. Då laut med skjere desse svære åkrane med ei sigd. Dette var et travelt arbeid, særleg for ryggen, då me laut lage til små bundend og knyte dei saman med ein visk halm på ein bestemt måte. Me kasta alle bundend saman i ein stor dunge (rauk). Då me hadde skore så mykje at det var rom for ei hes, var det til å binde opp hesa. Hesa bestod av lange troer som rakk over to golv og det var fem av dei i høgda. Då hesa var staura var det til å binde opp desse lange troene med hesband. Desse banda var laga av bjerkerenningar som var kløyvde etter midten. Me smågutane måtte halde i den eine enden av troa så far kunne begynde frå den andre enden og binde ho fast med desse hesbanda.

Då hesa var ferdig var det til å henge kornbanda på troene. Den nedste troa kalla dei røvtroa og den øvste vart kalla skurtroa. Røvtroa vart hesja på ein viss måte, også det andre måtte vere godt og pent gjort. Var det god vindtærre kunne hesa verte tun på ei veke. Då var det å køyre kornet inn i løa. Der måtte det



leggast på ein viss måte så komet vart skjult, elles ville sporven ete opp komet. Det var mest ho mor som hadde det arbeidet

Så var det Brusehesa då: Det var ei lita hes med to golv og tettare mellom troene. Me småfolket vart sett til å plukke alle lause strå som låg att på åkeren og laga små bundend som me kalla "brusar." Det var sveit når me fekk full ei slik hes med brusar, og då var der ikkje mange strå att på åkeren.

Når alt var kome i hus var det til å truske. Det var vasskraft frå kvernhuset me brukte. Me hadde mange stolpar frå kvernet til løda med to rullar i kvar stolpe slik at snora kunne kome fram til truskemaskina som stod inne i løa. Når me skulle løyse eller stogge, måtte me springe like ut i kvernhuset som stod ute med elva og slå stemme ned i sluket.

Me måtte vere mange menneske med traskinga skulle me få det til å gå radig. Det var eitt menneske til å bere fram kornbanda, eitt til å gje maskina, eitt til å rake unna, eitt til å riste halmen for å få korna ut og eitt menneske i bryta for å take i mot halmen. Alt dette laga mykje støv. Og då me kom ut på garden var det til å hoste og brekke seg, og alt som kom ut var kolsvart. Så var det til å dryfte, og det vart ikkje mindre støv av det. Ein mann stod og drog dryftemaskina og kornet kom ned i eit stort trog. Og så var det ein som auste kornet opp i ei tønne. Når ho vart full vart kornet tømt opp i ein sekk og bore inn på stabburet og tømt i ein stor bunge. Så var det til å tørke og male alt komet. Det vart gjort i kjellaren i ei stor grue med ei gryte som hekk etter to skjeringar som var faste i randåsen. Kornet vart slegje i gryta med små skylder og ein måtte stadig røre i kornet så det ikkje skulle verte brent.- Det var "tyrkarspade" vi brukte og røre i komet med. Når komet var turka var det til å male. Så snart mjølet var ferdig, byrja kvinnfolka å bake flatbrød og løfse. Dette arbeidet varte i mange dagar.

Etter at alt dette arbeidet var unngajort, var det å gå ut på åkrane og plukke ned hesjane. Me brukte ei øks til å hogge av hesbanda og då datt strøa ned. Me måtte lø fint opp både troe og staur. Når dette var gjort var det for kvinnfolka å rake åkrane for ylme (halm). Det var ei masse små dungar utover åkeren av denne sorten. Dette brukte dei vintrane til strø under kalvar og griser. Hesbanda som var brukte på hesene, var svært gode til å kveikje når dei fyrte i omnen om morgonane. Dei let ikkje noko gå til spille før.

### Siste-slåtten på sætra

Då me var ferdige med slåtten ute i Gjæra og hadde fått høyet i hus der ute, var det siste me gjorde å kle att for løa så ikkje kyrne skulle ete opp høyet. Til dette brukte me alle "drøge-buske" som me hadde hogge i slåttetida. Desse brukte me til å drage høyet på løvollen med, for der var høyet lelegare å bere og rykte.



*På Fetstølen tidleg i 1920-åra.-Bakfrå venstre: Ole og Inger Brunstad, Anna Fet, Signe Fet, Berte Fet. Borna framme er Lina og Karstein Brunstad.*

Det siste slåttestykket me hadde var på sætra. Dit brukte alle å reise i lag dagen før slåttan. Så var det å stå tidleg opp neste morgon og begynne å slå. Det vart ein kappestrid, for det var ingen som vil verte sist, for då vart han kalla slåtte-køysa, og det var ein skam, særleg for oss smågutane. Dersom det vart ropt slåttekøysa etter oss, vart me sinte.

Me kunne vere på sætra i fleire dagar, for me måtte rykte høyet og få det inn i løda som var til endes med selet.

Då me var ferdig med stølsslåttan og hadde fått høyet i hus, var det til å pakke ljå og rive og få alt med seg nedatt til garden. Eg hadde skyssvogn og så ville tenestetausa i Jørgarden absolutt sitje på med meg. Det var ho Ingeborg Erstad frå Larsgarden på Erstad. "Ja, du skal få sitje på med meg, men du lyt våge deg sjølv, for eg har ein slik ung hest å køy re med." Og så var eg berre tretten år sjølv. Ho pusta ikkje på å sitje på med meg, og det gjekk no fint lenge. Men av og til bykste hesten i veg, så me nesten fauk av lasset og det vart eit rin frå Ingeborg. Då me kom nesten ned til Hjorthol, var der ein krapp sving og ein nokså bratt bakke opp. Der gjorde hesten eit stort byks og for utfor vegen og vogna og heile lasset kolva opp om vegen. Det vart ei Babylons forvirring, men til slutt kom me no på rett kjøll att. Me kom heilskinna frå dette og, sjølv om me hadde både river og ljåar på lasset. Hesten fekk ein god rapp på baken, så det tok ikkje lang tid å kome ned til Fet. Dette var ei heimreis frå sætra i 1913.

### Når alle truska

Når alle truska på same tid her på Fet, var det fole våtsamt. Jørn-garden tok vatnet frå Jo-kvennhuset og det rann i ei veite ned i garden. Der var det mura

ein høg dam og derifrå var det ei 50 meter lang trerenne som gjekk ned på vasshjulet. Vasshjulet var eit stort hjul med mange spjeld i og sat på ein stor firkanta treås og eit stort snorhjul på den andre enden av åsen. Snora gjekk direkte frå hjulet og inn på truskemaskina. Når Jøm-folket truska vart vegen stengt for ferdsel, for snora gjekk tvert over vegen. Ja, det var beintfram oversømmelse i garden medan truskinga stod på, for alt vatnet rann ned i garden og fram gjennom Vassvegen og framover Hansmarka. Når truskinga var ferdig og vatnet teke i frå, var det fint og reint der vatnet hadde renne.

Framme i Hans-garden hadde dei truskehjula sine ovanfor løda, også dei tok truske vatnet frå Jo-kvennhus-dammen. Både Pål- og Jo-garden hadde ein dam borte i Årane, og så hadde dei trerenne over elva og over Hans-kvenn-husdammen der truskehjula deira stod. Det hende at der ikkje var nok vatn når alle skulle truske på same tid. Ein gong ville han Hans- Lars truske, medan dei heime i Nils ville male. Då sa han Hans-Lars: "Truske er ei nødssak, men å male er ei bisak." Så han Lars fekk truske.

### Då eg skulle få fylgje mor til Riksheim

Endeleg kom dagen då mor skulle ta ein tur til Riksheim, og glad vart eg kan du tru. Eg fekk på meg de i beste kleda eg hadde og mor tok som vanleg den korga som ho brukte å bere i handkroken når ho skulle til handelsmannen. I korga tok ho med seg ein del matslag som ein kakemøle, mørsmøle og eit fleskestykke so mykje dei kunne smake sorten som me hadde på Fet. Eg var ambrå etter å kome av garde. Eg hadde vore til Straumgjerde før, så eg visste vegen så langt. Men då me kom til Straumgjerde, skulle me over Straumsheim-bruna. Det var ei lang og gammal bru og eg måtte halde i handa hennar mor.

Vegen gjekk i krok opp i Straumsheim-garden då. Mor ville gå den vegen, for ho trefte så mange kjende der som ho likte og snakke med. Eg ville helst over elva og gå øyrane som dei sa. Då måtte eg love å vente på henne når eg kom bort på vegen att. Eg vart sitjande lenge der, for mor var svær til å prate med folk og dei som budde oppe i Straumsheimsgarden var så nysgjerrige. Endeleg kom ho og vi kunne halde fram på ferda vår til Riksheim. Eg ville helst gå ned i fjøra då og for då fann du både skjelgar og kukkelurar, så eg hadde fulle alle lommene mine med slike rare ting.

Då me nærma oss Riksheim, såg me han mostemann stå nedpå Krissenbakken og såg etter oss, for dei visste vi skulle kome den dagen. Så gjekk me i lag fram i Smågjæra, det var det dei kalla plassen der dei budde. Dei hadde ei lita stova der. Det var gang, storstove og eit kammers og ein liten potet- og ølkjellar. Dei var åleine i dette huset. Dei hadde ein gut som døydd då han var 18 år. Han heitte Peter. Det er han eg heiter etter, og derfor var det vel dei var så glade i meg. Eg var seinare ofte ut til dei og hjelpde til. Eg pløgde åkeren deira og hjelpde dei

med å truske. Dei hadde ei truskemaskin som dei måtte drage med hand.

Når eg var liten og kom der ut åleine, fekk eg alltid 25 eller 50 øre med han mostemann og det tykte eg var svært. Ein gong eg fekk 50 øre, fann eg på å gå inn til ho Buda-Berte og kjøpe meg ei krætaum og ånglar. So for eg ned på kaia og skulle fiske. Eg var så heldig at der var mykje småsei, dei gjekk like under kaia. Eg ordna til fisketaum og eg fekk ein sei kvar gong eg drog opp. Eg fekk så mykje at det var tungt å bere det like til Fet.



*På Fet stølen om lag 1920, Bak frå venstre: Ingvald Straumsheim, Jakob Straumsheim, Morten Fet, Knut Fausa, Jakob Velle og Peter P. Fet. Framme frå venstre: Ole Severin Velle, Marie Strømmegjerde, Anna Velle, Berte Velle og ei jente frå Tormodgarden i Straumgjerde.*

### I storselskap på Lade

Mor hadde ei syster som var gift fram til Lade. Ho vart gift med ein som til dagleg vart kalla La-Jens. Syster til mor heitte Berte Johanne og alle søskena skulle samlast denne gongen framme på Lade.

Det var bestemt ein laurdag me skulle reise og me skulle overnatte der til søndag. Det var spennande for meg, for dei på Hellen og Riksheim skulle og vere med. Dei på Hellen skulle køyre med hest og vogn og så skulle dei på Riksheim få sitje på med dei. Han far skulle ta merra og køyre herifrå, og me skulle lage det så at me var i lag etter vegen. "Du Peter må gå heim i hagebrøta å sjå når dei kjem," sa mor. Eg var ut der og såg mange gonger, og endeleg såg eg dei kome borte på Dravlaus-stranda. Dei hadde fullt lass og to gjekk etter vogna. Dei bytest om å sitje på. Då skunda far seg og la selen på merra slik at me kom bort på vegen

til dei kom fram til Fetbrua. Ja, me vart eit heilt fylgje fram gjennom Velledalen. Me ropte og prata så folk kunne høyre oss over heile dalen. Endeleg kom me fram til Lade, og mostemann og alle kvinnfolka kom ut og tok i mot oss. Det var stor glede då alle desse fire søskena møttest. Så gjekk me inn i den store stova som var rein vaska, mest som om det skulle ha vore sjølve julekvelden. Eg hugsar at mostemann sette seg for nedste bordenden og karva skråtobakk i pipa si. Men størst auge gjorde eg då han mostemann let opp ei stor luke midt på golvet, og forsvann ned i der. Han vart der nede ei heil stund, men så kom han endeleg opp att og då bar han ei stor bolle full med øl. Då kan du tru gamlekarane likte seg. Bollen gjekk rundt og dei bles skum og drakk øl i store drag. Me kosa oss utover kvelden med god mat og masse historier som dei fortalde. Me var oppe til seint på kveld. Me frå Fet fekk ligge i lillestova. Om morgonen fekk me mat på senga og det var noko svært for oss smågutane. Gamlekarane måtte no ut på garden. Dei gjekk gjennom fjøsa og såg på alle dyra, mest på merrane som oftast hadde føl.

Me vart der til langt på søndag, men til slutt måtte me til å tenke på heimveg. Neste selskap var på Hellen. Dei brukte å halde lag ein gong for året, og det var ein god skikk

Eldar Høidal arbeider for tida med ei oppgåve der han har sett seg føre å analysere kva for sosiale lag av samfunnet dei kom frå som stod føre nyskaping i næringslivet i Sykkylven sist i førre hundreåret. Nedanfor tek vi med eit førebels utdrag av oppgåva.

## I oppbrot

Ei analyse av sosiale kår:  
Sykkylven frå 1880-1900

### 1. INNLEIING

Vi skal i det følgjande drøfte ein del av føresetnadene for den næringsutviklinga som gjekk føre seg ved sida av landbruket i Sykkylven i åra 1880-1900. Hovudspørsmålet i artikkelen vil bli: Kva for sosial gruppe vart dei som gjekk nye vegar i næringslivet i denne perioden rekrutterte frå? Ved å kaste lys over dette problemet vil vi søkje å forstå kva for føresetnader som i dette bygdelaget stimulerte til næringsmessig vidareutvikling. Vi vel å gå til oppgåva utan hypotesar, og vi har to moglegheiter opne:

1. Kom nyskapingane frå den etablerte gardbrukarstanden, eller
2. finn vi helst næringslivspionerane mellom husmenn utan matrikulert jord?

Det kan synest vanskeleg å dele eit slikt sunnmørsk lokalsamfunn i slutten av førre hundreåret inn i to skilde sosiale lag. I litteraturen som finst om dette emnet, vert det oftast lagt vekt på at det var ein egalitær sosial struktur som rådde på Sunnmøre, i det minste fram til mellomkrigstida. Sosiale motsetnader skal dei ikkje ha opplevd innafor bygdegrensene på Sunnmøre, det var helst i tilhøvet til storsamfunnet at dei opplevde motsetnader. Dette biletet kan ein nyansere. Også på Sunnmøre og i Sykkylven vart det skilt mellom brukarar av matrikulert jord på den eine sida og plassemenn som sat p å plassar som ikkje var matrikulerte på den andre sida. Dette tilhøvet gav seg m.a. uttrykk i omgangsformene. I kyrkja hadde folk plass etter skyld og stand også i Sykkylven. (Semningsen s. 119) Fremst i kyrkja sat dei sjølveigande bøndene, så sat dei vidare bakover etter skyld og stand. Husmannsbenkane var langt nede i kyrkja. I eit husmannsm inne frå Sykkylven heiter det: "Det var stor økonomisk og sosial forskjell millom gardbrukaren og husmannen. Husmannen hadde lite pengar millom hendene og sat trangt i det si ofte. Husbonden derimot var derimot ein velhalden mann og det synte både i klædebunad og i kosthaldet som var betre enn hjå husmannen."

Slike sosiale skilje har oftast blitt underkommunisert i litteraturen som finst om dette emnet. Men dette vitnemålet og omtalen av dei forskjellige husmennene og gardbrukarane sine økonomiske ressursar i bygdebøkene for Sykkylven, fortel om eit skilje som var røynleg nok og som kan forsvare ei sosial inndeling som ovanfor beskrive.

### Reservasjonar

Likevel er ikkje inndelinga beinkløyvd. I daglegtale i Sykkylven kunne sjølv bruk som var matrikulerte verte kalla plassar. Her gjekk skilnaden mellom ein gardbrukar og ein plassing mellom han som hadde hest og han som ikkje hadde det. I denne artikkelen held vi oss likevel til dei formelle definisjonane: Ein gardbrukar dreiv "ein matrikulert gard, ein husmann, plassing dreiv ein ikkje matrikulert gard. Heller ikkje denne definisjonen er uproblematisk. Han dekkjer sjølv sagt over røynlege økonomiske skilje i dei forskjellige gruppene. Elles var det slik at mot slutten av det førre hundreåret og fram til 1920, då husmanns-skipnaden på det næraste var avvikla, vart mange husmannsplassar også i Sykkylven skyldsette og matrikulerte. Spørsmålet blir då om vi skal definere slike bruk som gardsbruk så snart dette formelle skiftet finn stad. Det er uråd å innføre ein matematisk målemodell på dette. Materialet er ikkje større enn at vi kan vurdere kvart tilfelle for seg, og gje att nokså utførleg den sosiale bakgrunnen til kvar person.

### Spørsmålet

Etter at vi har gjort dette kan vi vonleg få svar på spørsmåla våre: Var det dei lægre sosiale laga som stod for dei fleste innovasjonane innafor næringslivet i Sykkylven, slik t.d. Ståle Dyrvik er inne på i ein artikkel: "Husmenn arbeidde seg ofte fram og opplevde ofte ein mykje større relativ framgang enn gardbrukarane som var lenka av jordeiga si."

Eller var det i Sykkylven heller slik at det var dei meir ressursrike gardbrukarane som fekk i gang ny verksemd utanfor eller ved sida av landbruket.

Vi vil også ha augnene opne for at ressursar må tolkast vidare enn berre materielle ressursar. Vi vil også søkje å kaste lys over miljøet pionerane voks opp i. Det kan vere kulturell aktivitet i heimemiljøet, synlege impulsar frå andre miljø, særleg samfunnsengasjement hos foreldre og andre slektningar og evt. andre moment som kan bidra til å forklare kvifor pionerane vart pionerar.



*Nøkterne og arbeidssame måtte dei vere som skulle få eit utkome av eit plassebruk i Sykkylven tidleg i hundreåret. Dette biletet er frå Høgebakkane på Riksheim i 1922. Frå venstre: Johanne Riksheim (gift Fylling), Anne Marie og Jens Riksheim. Leif Nakken til høgre*



## 2. NÆRINGSLIV GENERELLE FØRESETNADER

### Nye marknader

Frå 1830-40-åra hadde Ålesund opplevd ei rik vokstertid, pga god tilgang på fisk utanfor Mørekylen. Det var i første rekkje våtorskefisket og klippfiskeeksporten som gav Ålesund dette framdrivet. Til Ålesund kom det då mange tilflyttarar. Det var dei som tok fiskearbeid eller det var handverkarar og industriarbeidarar.

Frå 1860-åra kom industrireisinga i gang i Ålesund. A.M. Liaaen etablerte eit skipsverft og O.A. Devolds Trikotasjefabrikk vart starta. I tillegg voks det fram industriltak direkte knytt til fiskerinæringa; t.d. hermetikkindustrien.

Det veksande Ålesund vart ein potensiell marknad for nye næringsdrivande i Sykkylven. Det skulle særleg bli møblar og anna innbu sykkylvingar forsynte marknaden med, men også mineralstein, teglstein, sand og konfeksjonsartiklar.

Etter kvart som kommunikasjonane vart utvikla, kunne produkt frå Sykkylven nå endå vidare ut. Fram i mellomkrigsåra vart heile landet mottakarar av møblar og klede frå Sykkylven.

## 3. LOKALT NÆRINGSLIV 1880-1900

Det var landbruksnæringa som dominerte heilt i Sykkylven fram til 1880. Av industriliknande tiltak var her berre eit teglverk som hadde vore i uregelmessig drift sidan om lag 1830.

I 1875 var det 2353 innbyggjarar i Sykkylven. 15 år seinare var talet auka til 2594 og i 1920 var her manntalsført 2848 sykkylvingar. Frå 1881 til 1920 forlet 749 personar bygda for å reise til USA. (Gjævenes s. 18 og 23) Andre hadde reist til næraste byen Ålesund eller til andre delar av landet der dei vona å finne arbeid.

Dei som var att, vart vevd stadig tettare inn i ein marknadsøkonomi med ei aukande spesialisering. Det gjekk gradvis ut med den gamle kombinasjonen fiskar/gardbrukar. Bøndene i Sykkylven konsentrerte seg om storfe og småfe-hald. Det vart dyrare å skaffe arbeidshjelp på garden, medan dei mekaniske hjelpemidla for landbruket relativt sett vart stadig rimelegare å skaffe seg. Avdrått auka gjennom betre foring og målmedvite avlsarbeid. Mjølka vart gjort om til smør og ost i dei nye lokale meieria. Betre gjødsling gjorde avkastinga på eng og åker større. På denne måten fekk gardbrukarane og husmennene noko å selje og dei fekk pengar mellom hendene som dei kunne omsetje i annan aktivitet om dei så ville.



*Kultiveringsarbeid på Aursneset i 1903, Frå venstre: Ole Aursnes og Petter O. Aursnes. Tuna er frå venstre: Ottanusgarden og Olegarden.*

### Attåttnæringar

Det var også anna verksemd som gav reide pengar til gardbrukarane i Sykkylven. Nokre fekk del i mineralutvinninga som gjekk føre seg, særleg i Velledalen og på Lyshol.

På ein stor del av strandlinja av Sykkylvsfjorden van det tørka torsk heilt fram til siste verdskrigen.

På Andestad, Lyshol, i Tusvika og andre stader selde dei is til fiskeeksportørane i Ålesund.

### Kredittinstitusjonar

Bønder og husmenn kunne plassere ein del av inntektene sine i lokale bankar. Søkkelven Sparebank hadde vore i drift frå 1864. Forretningsbanken Søkkelven og Omegns Privatbank kom i gang i 1907. Desse bankane var ved si kredittgjeving sentrale medspelarar for industripionerane i Sykkylven (Kassajomalar for bankane).

#### 4. PIONERANE

Stort sett alle sykkylvingar henta fram til 1880 innkomet sitt frå det gardsbruka i bygda kunne gje. (NOS. Folketellinga 1875). Det var lite endring på dette fram til 1900. I likningaprotokollen for heradet frå 1897 (gjaldt skatteåret 1896), syner at av dei 702 skatteobjekta i bygda var det 23 handverkarar. Av desse var det fire smedar, fire skreddarar/syersker, to snekkarar, 10 tømmermenn og tre skomakarar. På grunn av yrkesnemninga i likningsprotokollen må vi gå ut i frå at desse henta hovudinntekta si frå anna verksemd enn gardsdrift. Vi skal i det følgjande sjå nærare på dei av desse som dreiv spesialisert produksjon av varer som dei kunne by fram til sal i Sykkylven eller nabokommunene. Vi held utanfor bygningsmennene som ein ikkje kan seie dreiv slik produksjon og som ikkje alltid dreiv eiga næring.

##### Snikkarar

I likningsprotokollen frå 1897 står Ole Berntsen Erstad ført opp som plasse-mann. Han er ført opp med ei høgare inntekt enn samtlege av dei andre handverkarane. Ole Berntsen Erstad (fødd 1844) var truleg den første i Sykkylven som produserte møblar i seriar retta inn mot ein vidare marknad enn den lokale. Allereie i 1871 kom han i gang med slik produksjon i kjellaren i bustadhuset sitt på Instebakktunet på Erstad. Gardssoga bd 3. s. 146. Adresseavisen 24.5.1971)



*Ole Berntsen bygde dette orgelet omlag 1870. Tangentane kjem frå leggbein til ku.  
(Foto: Kjetil Tandstad, Sunnmørsposten)*

Ole Martinus Berntsen Erstad var son til Bernt Gregorius Eriksen Verpedal, fødd 1807 i Norddalen. Bernt rudd Instebakkeplassen på Erstad. Ole tok over etter faren og fekk skøyte på plassen i 1866. Plassen vart då utskilt frå bovudbruket og skyldsett med ein ort og to skilling. Plassen er i gardssoga for Sykkylven omtala som le ubrukt og han hadde i 1860-åra to dekar åker og dyrka eng av god kvalitet og 11 dekar god natureng. Buskapen var då to storfe og seks småfe. 11875 fødte dei tre kyr og tre sauer.

Ole Erstad skal ha vore ein gáverik mann og han vart av bygdefolket kalla ein tusenkunstnar. Særleg skal han ha hatt rike musikalske gjevnader. Han spelte fele på bryllaup og han bygde sjølv eit par orgel. Etter kvart kom musikken i bakgrunnen for snikkarverksemda. (Gardssoga bd 3. s 146). I verkstaden laga han sengar, kommodar, stolar, benkar og bord. Møblane vart selde til møbelhandlarar i Ålesund og Bergen. I Ålesund var slektningen, K. Vågnes som dreiv møbelforretning, den største kunden. Ein av dei to som vart nemnt som snekkar i likningsprotokollen frå 1897, var sonen til Ole, Johan Olsen Erstad (fødd 1878). Han kom tidleg med i arbeidet på snikkarverkstaden, og frå 1895 fekk han ansvaret for verksemda. Etter at Johan hadde vore nokre år på arkitektthøgskulen i Trondheim frå 1900, bygde han i 1904 eige fabrikkbygg på Ikornnes ved Ikornneselva.

Lokalhistorikaren Jon Hole nemner Hans Bendik Nakken Straumsheim som ein av dei første i Sykkylven som laga stolar for sal. (Hole s.97) Hans var fødd i Stordalen i 1824. Han kom til Sykkylven i 1854 og fekk skilt ut eit stykke av Tormodgarden på Straumsheim som han dyrka opp. Bruket vart frådelt med eige bruksnummer i 1886 då dotter til Hans og mannen hennar tok over.

Husmannen Hans Straumsheim fødte i 1865 2 kyr, 8 sauer og 3 geiter. Han sådde same året 1 1/2 tønne blandakorn, 1 1/2 tønne havre og 1 1/2 poteter. 10 år seinare sådde han 2 tønner havre og 2 tønner poteter. Då fødte han 2 kyr, 1 kalv og 12 sauer. (Gardssoga bd. 3 s. 47) Sommartida praktiserte Hans m.a. som bygningsmann. Elles var han ein allsidig handverkar. Han var skinnfellemakar, rivemakar og altså stolsnekkar. Stolane rodde han i eigen båt til Ålesund, der han selde dei.

### Smedar

I Sykkylven var her fleire smedar. Nokre av dei skal ha vore svært dyktige fagfolk og produkta deira fann kjøparar også utanfor Sykkylven. Ein av desse smedane var Ole J. Tynes (f. 1824), son til lagrettemann Christen Jensen Straumsheim. Christen sverga eid til Grunnlova og fekk stemmerett i 1829. Han var andre mann til førstekona si, og boma fekk ikkje ta over bruket eller delar av det etter faren. (Gardssoga bd. 2. s. 196)

Ole Tynes flytte frå Tjønes til Øreneset i 1851. Det året gifte han seg med jordjenta på bruk nr 2 på Ørsneset; Olegarden. Ole fekk skøyte på det matrikulerte bruket av vertar sin same året

Olegarden var ein mellomstor gard som i 1864 hadde 17 mål dyrka åker og eng og 48 mål england. Sånaden var det året 1/4 tønne bygg, 3 tønner blandakorn, 4 1/2 tønner havre og 4 tønner poteter. Bruket fødte 1 hest, 7 storfe og 15 småfe. I 1875 hadde dei og ein gris i fjøset. (Gardssoga bd. 1. s 26). Ole var ein mykje nytta plogsmed, han laga også låsar og dørvidarar. I likningsprotokollen for 1897 er yrkesnemninga hans gardbrukar.

Ole Pedersen Velle var fødd i Bergen 1830, som son til Peder Larsen Hole, også kalla By-Pe, etter at han hadde vore regimentssmed i Bergen. Ole fekk seg eit nyryddingsstykke på husmannsplassen Heggebakken i 1858. Han fødte i 1875 3 kyr, 10 sauer og 3 geiter. Sånaden var 1/2 tønne blandakorn, 1 tønne havre og 1 1/2 tønne poteter. Plassen vart skilt ut som eige bruk frå Knutbruket på Velle i 1879. (Gardssoga bd. 2 s. 429) Ein av sønene hans, Petter Andreas Velle (f. 1863) er mellom dei fire smedane som er nemnde i likningsoversynet frå 1897. Han er også ein av dei åtte som Jon Hole i si sykkyllvssoge trekk fram som serleg" kjende smedar frå dei siste hundre åra." (Kristen H. Vik, Ole Aursnes, Petter O. Velle, Karl P. Velle, Johan Hole, Petter P. Vik, Simon Tandstad og Jakob Strømmegjerde.)

Petter Andreas Olsen Velle (f. 1863) hadde korkje plass eller gardsbruk. Han sette seg opp eit bustadhus ved riksvegen. I 1905 bygde han smie på andre sida av veggen. Somrane tok Petter og kona dagarbeid med bøndene omkring. Elles hadde dei ein potetreit og eit lite slåtestykke på ein nabogard (Jogarden). Dei slo også andre stader slik at dei kunne fø 2-3 sauer som dei hadde i kjellaren. (Gardssoga bd. 2. s. 451.) Petter var i følgje gardssoga kjent for å gjere godt og sterkt arbeid. Han var m.a, flink å lage tolleknivar.

Knut Martinus Berntsen Kurset (fødd 1837 på Kurset i Hundeidvik) dreiv plassen Einekagen frå 1864 til 1912. Han gifte seg i 1864 med ei kvinne som hadde vekse opp på plassen. Knut dreiv både som smed og snikkar, men smedyrket må reknast som hovudyrket hans, heiter det i gardssoga for Sykkylven (bd. 3. s. 422). Attåtningar var plassen og lagning av truske- og drøftemaskiner. Han kunne lage 7-8 drøftemaskiner på ein vinter, og desse vart selde både i og utanfor Sykkylven.

Knut fekk bygselsetel på levetid for seg og kona av eigaren av plassen i 1864. Han plikta å svare ti arbeidsdagar til eigaren, av dei tre i slått. I 1875 sådde Knut 1/2 t blk, 1 t havre, 1 t potetar. Same året fora han av eigen buskap 2 kyr, 5 sauer og 1 gris, i tillegg fora han 1 ku for ein annan. Knut fekk heile 10 born, men 6 av desse døydde før dei var 20 år gamle. Det kan seie noko om livsvilkåra på ein husmannsplass i Sykkylven i siste halvdel av førre hundreåret. (Gardssoga bd. 3. s. 422)

Brørne Johan P. og Karl P. Hole (Velle) er to andre smedar i oversynet frå 1897. Johan Hole (fødd 1872) dreiv husmannsplassen Nakken frå 1897. Far hans, Petter, fødte i 1875 3 kyr, 7 sauer og 1 geit på plassen. Sånaden var 1 tønne blandakorn, 1 tønne havre og 1 1/2 tønne poteter. Petter var musikalsk, og ein kjend klarinettspelar. (Gardssoga bd. 2. s. 631.)

Johan løyste ut plassen av Sykkylven kommune i 1912 og vart sjølveigar. Han var ein smed som lika å eksperimentere. I lag med ein annan velledaling laga han til ein praktisk hyppeplog for poteter og grønsaker. I sine seinare år praktiserte han som installatør for Sykkylven kommunale kraftverk.

Den tre år yngre broren, Karl, var ei kort tid smed i heimbygda før han reiste over til USA i 1896. Seinare kom han attende til Sykkylven. Han gifte seg til ein gard på Velle og dreiv der som gardbrukar og smed og kalla seg Karl P. Velle.

Siste smeden i oversynet frå 1897 er Peder Pedersen Vik (f. 1870). Han var yngste sonen til den alkoholiserde Peder Karolus Lyshol som vart sjølveigar på Styrkåbruket i 1867. Han sette seg mykje i gjeld til ein nabobrukar og måtte skøyte garden over til han i 1870. Nokre år seinare vart det halde utpantings-auksjon hos Peder Lyshol. Peder Pedersen kjøpte eit stykke under Klokkehaug og dreiv der som smed.

Vi vil i tillegg til dei smedane som hittil er omtala, ofre noko omtale på dei smedane lokal historikar Jon Hole nemner i tillegg. (Sykkylven kommune 1883-1983): Kristian H. Vik var son til den rike jordeigaren Halvor Pedersen Abelset f. Mork i Lyster. (Gardssoga bd 2. s. 85). Kristian vart ein av dei største jordeigarane i Sykkylven. Han eigde tre gardar i kommunen. Buskapen i Lånagarden der han budde, var i 1875 1 hest, 1 unghest, 9 kyr, 5 ungfe, 14 sauer og 1 gris. Sånaden var det året 4 t blk, 5 t havre og 5 t poteter.



tvatnet.

Simon Olsen Skylstad (f. 1803) kom frå Hjørundfjorden. Simon kjøpte det såkalla Simobruket på Tandstad i to delar frå 1832. I 1839 flytte han frå Trandal til Sykkylven med kona og to born. I 1845 fødde han 1 hest på det matrikulerte bruket. I tillegg gav han for til 6 kyr, 10 sauer, 4 geiter og 1 gris. Sånaden var 71 bygg, 21 blk, 3 1/21 havre og 1 1/4 t poteter.

Sonen hans var Jakob Strømmegjerde (f. 1837). Han var med då foreldra flytte frå Hjørundfjorden i 1839. Frå 1866 var han brukar av den tidlegare husmannsplassen Gylet i Straumgjerde. Plassen vart skilt ut frå hovudbruket i 1838. Jakob fødde i 1875 3 kyr og 6 sauer. Sånaden hans var 1t blk, 1t havre og 1 1/2 t poteter.

## 5. KONKLUSJON

Vi har no danna oss eit bilete av bakgrunnen til dei tre snikkame og dei ti smedane i Sykkylven i siste halvdel av førre hundreåret som stig fram i kjeldene våre.

Det som synest å vere ein samnemnar for desse er at dei sjølve, eller foreldra deira ikkje har vore lenge busette på dei stadene dei budde då dei praktiserte som handverkarar. I dette materialet på tre snikkarar og ti smedar hadde elleve personar anten sjølve kome tilflyttande, eller foreldra. Dette var altså menneske som var i oppbrot både geografisk og næringsmessig. Dei var som Ståle Dyrvik seier ikkje fast bundne til jordeiga si. Dette trekket er meir framtrédande enn at innovatørane budde på ressursfattige husmannsplassar. Sjølv om fleire av dei hadde husmannsbakgrunn, budde sju av dei ti smedane på matrikulerte bruk medan dei praktiserte som smedar, og to av dei tre snikkarane gjorde det same.

Elles legg ein merke til at faren sitt yrkesval har vore avgjerande for yrkesvalet til ein av snikkarane og tre av smedane. Dette er også eit kjent trekk frå den seinare utviklinga i næringslivet i Sykkylven, at eit levande produksjonsmiljø stimulerer til knoppskyting.

## Litteratur:

Gardssogene for Sykkylven, bd. 1-4. Sykkylven Sogenemnd

Jon Hole/ Mindor Hjellegjerde: Sykkylven kommune- Sykkylven kyrkje 1883-1983. Sykkylven 1983.

Ingrid Semmingsen: Husmannsminner. Oslo 1960

Eldar Høidal: Industrisoge for Sykkylven. Sykkylven 1990.

Likningsprotokollar

NOS. Folketellingar

Styreprotokollar Søkkelven og Omegns Privatbank